

Bokn kommune

**Rådmannen sitt forslag til
Drift- og investeringsbudsjett 2010
og
Økonomiplan 2011 - 2013**

Innhald;	
Rådmannens generelle kommentarar	3
Reglement for økonomiplan og årsbudsjett	11
Økonomiske oversiker -drift	13
Økonomiske oversiker - investering	15
Anskaffelse og anvendelse av midler	16
Budsjettskjema 1A - drift	17
Budsjettskjema 2A - investering	18
Budsjettskjema 1 B – Fordeling drift	19
Budsjettskjema 2B - investering	20
Forslag til nye tiltak i driftsbudsjettet og økonomiplan ikke definert.	21 Feil! Bokmerke er
Noter til driftsrekneskapet:	22
Kommentarar til driftsbudsjettet.	23
Oversikt fond pr. okt. 09	24
Rammeområde 1 – Sentraladministrasjonen	26
Rammeområde 2 - Seksjon kultur, skule og barnehage	33
Rammeområde 3 – Seksjon helse, sosial og barnevern	47
Rammeområde 6 – Seksjon teknisk	55

Rådmannens generelle kommentarer til budsjett og økonomiplan 2010 – 2013

STATSBUDSJETTET 2010 – KONSEKVENSAER FOR KOMMUNEØKONOMIEN

I tråd med kommunelovens kapittel 8 §44 til §47 med tilhøyrande forskrifter legg rådmannen med dette fram saldert budsjett for 2010, og saldert årleg økonomiplan 2011- 2013.

Inntektsramma blir i hovudsak lagt i Stortinget gjennom Kommuneproposisjonen om våren og Statsbudsjettet om hausten. Budsjettet for Bokn er laga med utgangspunkt i forslag til statsbudsjett som blei lagt fram tirsdag 13. oktober.

Statsbudsjettet gir kommunane ei inntektsvekst i 2010 på heile 8 mrd, men sett i relasjon til dei aukte oppgåvene kommunane er pålagte, kan alle forventningar neppe innfris. Veksten i frie inntekter på 4,2 mrd blir delvis spist opp av folketalsutviklinga og statlege forventningar.

Deflatoren for 2010 er berekna til ca. 3,1 %. Denne består av pårekna lønsvekst på 3,5% og prisauke på 2,4%. For 2009 er deflatoren berekna til 4,1 %.

I forhold til budsjett for 2009 er veksten i dei frie inntekter for Bokn i 2010 berekna til ca. kr. 2,3 mill. eller ca. 5,5 %. Dei frie inntektene består av overføringar frå staten, rammetilskott, og skatt, ekskl. eigedomsskatt. Dette er ei akseptabel auke når ein samanlikner med tala for Rogaland, med ei samla nominell vekst på 4,4% og samla for landet 4,7%. Realvekst i budsjettet for 2009 var berekna til ca. 4,0%.

SKATT

Skatteinngangen for kommunane i 2009 fram til og med september månad er ca. 8,5% høgare enn for same tidsrom i 2008.

I forhold til landsgjennomsnittet hadde Bokn ei skatteinngang på ca. 87% mot bare 83% i 2008. Bokn er ein av dei kommunane med lågast skatteinngang i Rogaland.

Skatteøren er i statsbudsjettet foreslått uendra på 12,80 %. Skattøyren er tilpassa føresetnaden om at skatten sin andel av dei samla inntektene utgjere 45 prosent i 2010. Auken i skattøyren heng saman med avviklinga av den kommunale selskapsskatten. Dei inntektene som kommunane mister ved avvikling av den kommunale selskapsskatten skal kompensert med ei auke i skattøyren for personlege skatteytarar. Bokn kommune har eigedomsskatt på verk og bruk. Eigedomsskatten er på 7 promille og er ein føresetnad for inntekter frå gassbasert industri på Kårstø og av Europipe II gassrørledninga som går over Bokn.

Budsjetterte driftsutgifter, skatteinntekter og rammetilskot er i samsvar med føresetnadene i regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett og byggjer på KS sin prognosemodell.

FRAMTIDSUTSIKTER

Samansetting av det nye Stortinget etter valet i 2009 og vidareføring av Stoltenberg-regjeringa, tilseier at politikken overfor kommunane i stor grad vil bli vidareført som i førre stortingsperiode.

Ein gjer difor ikkje rekning med at endring av kommunestrukturen eller tvangssamanslutning av kommunar blir ein stor sak for den sittande regjeringa.

Oppgåvefordeling mellom kommunar, fylke (region) og stat vil nok likevel vere aktuelle tema – ikkje minst sett i relasjon til nye reformar innan helse – samhandlingsreforma som skal vere gjennomført innan 2012 - og forvaltningsreforma som fører til at store deler av riksvegnettet blir ført over til fylka - allereie frå 1. januar 2010.

Når det gjeld samhandlingsreforma er det sagt at dei nye "helsekommunane" ikkje bør vera mindre enn 20.000 innbyggjarar. Dette vil i så tilfelle føra til at små kommunar enten må inn i eit samarbeid med store kommunar eller at mange små kommunar må slutta seg saman til ein stor "helsekommune".

Kommunalminister Narvasete har uttalt at samhandlingsreforma blir den største kommunereformen i manns minne. Gjennomføring av Samhandlingsreforma vil nok kunna føra til at kommunestruktursaken på ny blir sett på dagsordenen.

Samhandlingsreforma vil sterkt påverka arbeidet i kommuneadministrasjonen dei neste åra i tillegg til at reforma vil bli eit sentralt politisk tema.

Bokn kommune har dei siste åra hatt ei positiv folketalsutvikling – sjølv om ein hadde ei lita tilbakegang frå 2008 til 2009. Folketalet så langt i 2009 synes å ha stabilisert seg rundt 830 innbyggjarar.

Kommunen største utfordring vil fortsatt vera å leggja til rette for ei positiv folketalsutvikling gjennom å oppretthalda og utvikla gode og varierte tenestetilbod slik at fleire unge barnefamiljar vil etablera seg i Bokn. Tilrettelegging og etablering av nye bustadområde vil vere viktig. Det same vil kommunal medverknad til bygging av bustader og leiligheter. Kommunal medverknad i samband med bygging/sal/utleige av bustader vil bli fremja som eiga sak. Denne saka må sjås i samanheng med at det nesten ikkje er bustadbygging i Bokn i dag. Så langt i 2009 er det ikkje bygd eit einaste nytt bustadhus.

I den kommande kommuneplanen vil etablering av Rogfast, T-forbindelsen og utvikling av Haugaland Næringspark på Gismarvik måtta stå sentralt i forhold til planlegging av bustad- og sentrumsstrukturen. Det vil vera naturleg at ein har sterkt fokus på å leggje til rette for etablering av nye bustadområder. Det er grunn til å rekne med etablering av Rogfast vil føre til sterk auke i innbyggartalet på Bokn då ledige og byggemodne tomteareal på sørsida av Boknafjorden er ein knapphetsfaktor.

Bokn Plast as har framleis ei høg sysselsetting og arbeider med spennande næringsprosjekt som vil kunne sikre eksisterande arbeidsplassar og kunne gi grunnlag for framtidig vekst.

Sysselsettingssituasjonen i Bokn i dag, er som i Rogaland elles, svært god. Den frykta arbeidsløysa som følgje av finanskrisa har så langt ikkje slått til. Arbeidsløysa for landet i august 2009 var 3%, Rogaland 2,2 % og Bokn bare 1,9%. NAV legg til grunn at arbeidsløysa i 2010 vil utgjere ca. 3,1% mot 2,75% i 2009. For kommunen og NAV-kontoret vil det vere viktig å følgja utviklinga og vera tidleg ute med å setta inn tiltak dersom arbeidsløysa i kommunen skulle få ei negativ utvikling tilsvarande det ein hadde i 2005/2006.

NAV Bokn blei etablert som eit fullverdig kontor frå 1. september 2009.

”Kjekt på Bokn” vil fortsatt vere eit sentralt satsingsområde dei kommande åra. Det legges opp til vidareføring av arbeidet med arbeidsgruppene i tillegg til ekstern konsulent som prosjektleiar.

Bokn kommunestyre godkjente i sak 25/07 Strategisk Nærings- og sysselsettingsplan for Bokn for 2006 – 2010 med mål, strategi og tiltak. Denne planen har så langt vore grunnlaget for arbeidet i gruppene.

Arbeidet med ny næringsplan for kommunen vil no bli starta opp igjen som ein del av eit felles prosjekt for eigarkommunane i Haugaland Vekst.

Eit viktig bidrag til ”Kjekt på Bokn” vil kunne vere etablering av ein fleirbrukshall.

Kommunestyret har sett ned ei arbeidsgruppe som har fått i mandat i å sjå på mogleg bygging, drift og lokalisering av ein fleirbrukshall i Bokn. Fleirbrukshallen vil ha som mål å kunne gi eit bredt idretts- og kulturtilbod til alle aldersgrupper i kommunen. Som ein del av fleirbrukshallen vurderer ein i tillegg å byggje ny barnehage – då den eksisterande barnehagen etter kvart synes å vera for liten til å dekkja eit framtidige barnehagebehov.

Eit viktig arbeid i kommunestyreperioden vil vere rullering av kommuneplanen. Nytt i denne samanhengen er at det skal lagast eit kommuneplanprogram som skal vere retningsgivande for dei tema som kommunen vil ta opp i planen. Ein tek sikte på at planprogrammet vert vedteke i slutten av 2009 og at arbeidet med sjølve planen vert starta opp i byrjinga av 2010. I tilknytning til kommuneplanen vil det også bli arbeid ut ein strandsoneringsplan.

Nytt er det også at det med heimel i plan- og bygningsloven skal lagast ein lokal energi- og klimaplan. Stortinget har under arbeid ein nasjonal klimaplan, og Rogaland Fylkeskommune har også utarbeidd ein energi- og klimaplan for Rogaland. Bokn har saman med Sveio og Etne søkt Enova om midlar til utarbeiding av klimaplan i 2009. Kvar kommune vil kunne få inntil kr. 100.000,- til dette arbeidet under føresetnad av at kommunane sjølv løyver tilsvarande beløp.

Det skal i det kommande året lagast ein ny Fylkesdelplan for areal og transport på Haugalandet eller Regionalplan for Haugalandet som no er det rette namnet. Haugalandrådet har tilsett ein kommuneplankoordinator som skal fungera som eit bindeledd mellom kommunane og fylkeskommunen.

Utviklinga regionalt har stor betyding for Bokn – med dei fordelar ein også i Bokn har når det gjeld å kunne dra nytte av dei tilboda ein kan utvikle i ein sterk felles bu- og arbeidsregion. Både når det gjeld lokale varierte og spennande arbeidstilbod, gode helsetilbod, tilbod innan utdanning, kultur og idrett. For Boknarane vil særleg etableringar i Haugaland Næringspark på Gismarvik og Hydro sin næringspark på Håvik vere viktige. Målet er at det innan 2020 skal vera investert 20 milliardar i dette området. Haugaland Næringspark ligg bare ca. 15 minuttars kjøring frå Bokn og Hydro sin næringspark bare 8 minuttar frå Haugaland Næringspark. T-sambandet er starta opp og Rogfast er tatt med NTP - perioden 2010 – 2019 med mogleg oppstart i perioden 2014 - 2019.

Med tillegg av den høge aktiviteten det til ei kvar er på Statoil Hydro sitt anlegg på Kårstø, gir dette signal om stor aktivitet i regionen og Bokn kommune sine nærområder. Noko ein trur, til tross for finanskrisen, vil gi eit godt grunnlag for busetting og vekst.

ORGANISASJONSMESSIGE FOHOLD

Dei organisasjonsmessige endringane som blei gjort i 2005 synes å vera godt tilpassa drifta av kommunen. Administrative ressursar blei overført til tenesteproduksjonen og ein enklare organisasjon blei resultatet.

Rådmannen ser dei organisasjonsmessige endringane som positive. Men mindre administrative ressursar gjer også kommunen meir sårbar ved innføring av nye statlege oppgåver og ved fråvær av ymse grunnar.

Som ein tidlegare har peika på merkes dette ved at ein har mindre tid til planlegging, saksbehandling og ikkje minst - mindre tid til å pleie arbeidsmiljøet. Ein vil fortløpande vurdere den administrative organiseringa og størrelsen på administrative ressursane i forhold til dei oppgåver ein blir pålagt sentralt eller lokalt. Som fylgje av ei slik i vurdering har ein innan eksisterande budsjetttrammer styrka den administrative leiinga av pleie- og omsorgstenestene.

Samarbeidet med SR-Bank som vart starta hausten 2007 vidareføres i 2010. Samarbeidet har vore positivt både for bank og kommune.

Arbeidet i kommunen sitt arbeidsmiljøutval, AMU, har vore nedprioritert den seinare tid. Kommunen vil saman med Haugaland HMS oppprioritera dette arbeidet i 2010.

HOVUDTREKKA I RÅDMANNENS BUDSJETTFORSLAGET

Utgangspunktet for budsjett og økonomiplan for 2010 – 2013 er dei rammene som blei gitt gjennom kommunestyret sitt budsjettvedtak for 2009, økonomiplan for 2009 til 2012, vedtekne målsettingar, tiltak i kommuneplanen og kommunestyrevedtak i 2009 .

I budsjettframlegget for 2010 har ein prioritert å oppretthalda og vidareføra det gode tenestetilbodet Bokn kommune har hatt i 2009. I tillegg er det lagt opp til ei bevisst satsing på nødvendig oppgradering og utvikling av IKT-utstyr, programvare og kompetanseheving/gjennomføring av opplæringsplan.

Nye tiltak ut over rammene for 2010 er på i alt ca. 3,300 mill. kroner.

Av det budsjetterte overskotet på nær 5,600 mill. er det mellom anna avsett 1.mill til tilleggsøyvingar, 1,468 mill udisponert/avsett til disposisjonsfond og kr. 650.000,- til vidareføring av "Kjekt på Bokn".

NYE DRIFTSTILTAK

Rådmannen viser til oversikt over tiltak og kommentarar for det enkelte rammeområde, men vil særleg kommentera at det er sett av kr. 125.000,- til Ishallen i Haugesund og kr. 125.000,- til Storhallen i Tysvær som Bokn kommune sin andel av desse regionale prosjekt

INVESTERINGAR

Bokn kommune står framfor store utfordringar når det gjeld investeringar. Det kan nemnast:

Bustadfelt Fyren - 7,5 - 10 mill.

Kjøp av grunn

Utarbeiding av reguleringsplan

Prosjektering av bustadfelt

Opparbeiding av tomteområdet

Det er i dag vanskeleg å leggja fram eit samla anslag for utbyggingskostnadene, men grovt sett gjer ein rekning med at kostnadene vil kunne bli mellom 7,5 og 10 mill. kroner. Ein føresettt at prosjektet vert lånefinansiert og dei samla kostnadene over tid blir finansiert gjennom sal av bustadtomter.

Utbygging vassverket - 6 mill.

Det er sett ned ei gruppe som vurderar framtidig utbygging av vassverket i Bokn. Ein har tidlegare grovt anslått at kostnadene kan komma opp i mot 6. mill. kroner. Dette er kostnader kommunestyret kan gjere vedtak om vil ein heilt eller delvis skal dekkast inn gjennom ei auke i vassavgiftene.

Fleirbrukshall/barnehage/skule - 50 mill.

Det er sett ned ei gruppe som skal vurdere bygging av fleirbrukshall evt. tilrettelagt med barnehage og ei gruppe som skal vurdere nødvendige skule/barnehageutbyggingar. Dei samla bruttoinvesteringane for desse prosjekta er grovt stipulert til å kosta rundt 50 mill. kroner. Prosjekta vil bli finansiert gjennom statlege tilskott, bruk av kommunale fond og låneopptak.

Føresvikvegen – utbygging til 2 feltsveg - kommunal andel - 3 mill.

Bokn kommune er tildelt 4 mill. kroner frå Haugalandspakken (bompengeselskapet) til utbetring av Førsvik vegen. Kostnaden med ein fullføring av vegen med sykkel- og gangveg og heving av standarden til ein 2 feltsveg frå Alvestad til Førsvik er grovt stipulert til å koste mellom 10 – 12 mill. Frå fylkeskommunen er det gitt signal om at dersom dette skal gjerast føresettt dette eit spleiselag mellom kommune og fylkeskommune, der kvar part må dekke 50%.

Småbåthamn Hålandssjøen - 5 mill.

I reguleringsplanen for Hålandssjøen er det regulert inn ei småbåthamn med molo. I tilknytning til tunellarbeidet i T-forbindelsen har Bokn kommune fått tilbod om 20.000 km³ til molo. Det er sett ned eit utval som no skal vurdere og leggja fram forslag til finansiering og utbygging.

Investeringar IKT kr. 800.000,-

Når det gjelder dette prosjektet viser ein til merknader under rammeområde 1.

Felles for utbyggingsprosjekta er at dei ikkje er kome så langt at ein har kunne leggje dei fram for endeleg godkjenning med kostnadskalkylar og finansieringsplanar.

Kommunen har som fylgje av tidlegare investeringar fortsatt høg lånegjeld og store investeringsprosjekt som ikkje gir avkastning til eller har høg kommunal eigenandel, vil kunne få store negative konsekvensar når det gjeld driftsbudsjett og mogleg framtidig økonomisk handlingsrom.

BETALINGS- OG AVGIFTSREGULATIVET.

I framlegg til statsbudsjettet er maksimalpris for plass i barnehagen framleis kr. 2.330,-. I samsvar med forslaget til statsbudsjett vert barnehagesatsen uendra.

Vass- og kloakkavgiftene for 2008 er foreslått auka med 5%, mens renovasjonsavgiftene er foreslått auka med 4%. Byggesaksgebyra og oppmålingstenestene er foreslått auka i samsvar med reelle kostnader.

Betalingsattsane for SFO er ikkje endra i budsjettframlegget, men eigenbetalinga for musikkskulen er auka med ca 3%.

Det vises elles til fullstendig forslag i vedlegget "Forslag til avgifts- og betalingsregulativ for Bokn kommune for 2010."

STILLINGAR

Det er i budsjettet for 2010 bare lagt opp til ei auke på 25% stilling. Dette til styrking av musikk- og kulturskulen.

Dagens arbeidsmarknad og høy etterspørsel etter kvalifiserte personar, gjer rekrutteringsprosessen i kommunen til ei stor utfordring. Med jamne mellomrom vil ha behov for nyrekruttering av kvalifiserte medarbeidarar. Utfordringar rundt rekruttering av nye medarbeidarar vil være eit fokusområde både for rådmannen og det politiske miljø i åra framover. Særleg gjeld dette medarbeidarar med kompetanse som er etterspurte i den private marknaden, og som i enkelte tilfeller er villig til å betale vesentleg over det som vi som kommune kan. Dette er urovekkande då denne kompetansen er avgjerande for at vi skal kunne levere gode og kvalitetsmessige tenester til innbyggjarane.

Så langt har finanskrisa bare i liten grad lagt ein dempar på den høge aktiviteten ein har hatt i vår region. Kommunane har difor ikkje merka noko at det har vært lettare å rekruttera fagfolk til stillingar i kommunane.

For Bokn er det særleg førskulelærarstillingar det har vist seg vanskelege å rekruttera til.

Bokn kommune har tatt del i 2 regionale rekrutteringsprosjekt gjennom h.h.v. Haugalandrådet/Haugaland Vekst og kommunane i regionen. Haugalandrådet sitt prosjekt er eit 3-årig prosjekt som har ein prislapp på kr. 30.000,- pr. år. Kommunane sitt eige prosjekt blir ikkje vidareført i 2010.

SAMARBEID PÅ HAUGALANDET

Kommunane på Haugalandet har eit bredt og godt samarbeid. Næringssamarbeid gjennom Haugaland Vekst IKS og Haugaland Kraft as, samarbeid når det gjeld søppelhandtering gjennom HIM, politisk samarbeid gjennom Haugalandrådet, idrettsutval og friluftsråd, hamnesamarbeid gjennom Karmsund Havn, Flyplassutval, Hauklivegen as, Haugalandmuseene, samarbeid når det gjeld legevakt, miljøretta helsevern, barnevern, PPT, IKT og innkjøp, mellom anna.

Nokre av samarbeidstiltaka har tilslutning frå alle kommunane, mens andre samarbeidsprosjekt har deltaking bare frå nokre av kommunane.

Bokn kommune legg opp til fornying av avtalar med Tysvær kommune når det gjeld felles landbrukskontor og kjøp av tenester frå teknisk når det gjeld oppmåling o.a.

Kostnadene med kjøp av tenester frå andre kommunar er generelt stigande, men for Bokn vil dette likevel ofte vere einaste alternative måte å få utført dei pålagte oppgåvene på.

Samhandlingsreforma vil ytterlegare forsterke behovet for eit meir forpliktande samarbeid kommunane imellom.

Gjennom endringar i kommuneloven er det lagt opp til at det skal bli mogleg å inngå eit breiare samarbeid enn tidlegare innanfor dei lovfesta kommunale oppgåvene. I tillegg legg kommunalministeren opp til endringar i lovverket som gjer at det kan opprettas såkalla samkommune som vil kunne få ansvar for fleire saksområde innan det kommunale samarbeidet.

Bokn kommune er som dei fleste andre kommunar heilt avhengig av godt samarbeidsklima kommunane imellom.

Ein har fram til no, og vil også framover, legge vekt på å delta på ein positiv måte i interkommunale og regionale prosjekt som kan tena kommunen.

Eit godt interkommunalt samarbeid er ein føresetnad for at Bokn skal kunne fungera som ein sjølvstendig kommune framover.

Samarbeidsprosjekt på Haugalandet innan idrett og kultur har også ein prislapp. Som ein tidlegare har kommentert, har ein i budsjettframlegget lagt fram forslag om å løyva til saman kr. 250.000,- til Ishallen i Haugesund og Storhallen i Tysvær. Dette er prosjekt som kommunane vanskeleg kan realisera kvar for seg, men som det er mogleg å få til saman. Prosjekta er regionale og ein trur at også Boknarane vil kunne få mykje glede av desse.

KONKLUSJON

Rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2010 er basert på dei signal om statlege overføringer til kommunesektoren som er gitt av den rød-grønne regjeringa.

Konkret byggjer framlegget på forslaget til statsbudsjett for 2010 både med omsyn til inntekter og utgifter.

Budsjettet prøver å gi eit realistisk bilde av drifta, både inntekter og utgifter, behov og utfordringar.

Veksten i kommuneøkonomien for perioden 2010 – 2013 for Bokn kommune er akseptabel. Nedbetaling av gjeld fører på sikt til ei auke i kommunen sin handlefridom. Som for 2009 viser budsjettet for 2010 at inntektsveksten er større enn veksten i driftsutgifter.

Samla sett legg ein likevel fram eit stramt budsjett då ein har lagt vekt på at investeringar i stor grad skal kunne finansierast gjennom driftsoverskott i tillegg til at ein ser det som nødvendig å sette av midlar frå drifta til disposisjonsfond. Dersom kommunen i framtida skal kunne gjennomføra dei større investeringane som er nemnt er det viktig at kommunen årleg sett av midlar til fond.

Kommunen står som tidlegare nemnt framfor til dels store investeringar. Dette er investeringar som vil vere viktige når det gjeld å leggja til rette for å auke busetnaden på Bokn. For at ikkje kostnadene med investeringane skal få for store negative konsekvensar i forhold til tenesteproduksjonen elles, vil ein prøve å legge opp til at investeringane i stor grad må vere sjølvfinansierande.

Rådmannen, oktober 2009

Jan Erik Nygaard

Reglement for økonomiplan og årsbudsjett

(Utdrag av reglement for Bokn kommune)

Rådmannen sender i juni/juli ut eit budsjetttrundskriv for utarbeiding av økonomiplanen og årsbudsjettet med vedtak i desember, jfr. Økonomisystemet sin årssyklus. Arbeidsprosessar i utarbeidinga av budsjett og økonomiplan :

Alle datoar som ikkje har fastsett frist er rådgevande og vil fastsetjast kvart år i rådmannen sitt budsjetttrundskriv.

Rapportering til SSB om ressursbruk og tenestedata	Frist 15.februar
Rekneskap og årsmelding for forrige år skal godkjennast	Frist 1.juli
Rundskriv frå rådmannen Inkl. konsekvensjustert budsjett	Ca.1.juli
Budsjettseminar kommunestyre/administrasjon	
Administrativ behandling i seksjonane, inkl. opplæringsplan	Juli - september
Informasjon / samarbeidsmøter	Oktober/november
Frist seksjon	Ca 1.oktober
Rådmannen sitt forslag vert presentert 1)	Ca 8.november
Arbeidsmiljøutvalet får saka til uttale Info til organisasjonane	medio november
Formannskapet 2)	November/desember
Kommunestyret	Frist 15.desember

- 1) Rådmannen sitt forslag vert offentleg ihht. lov om meiroffentlighet
- 2) Formannskapet sitt forslag er kommunen sitt ordinære framlegg til budsjett.

Økonomiplanen skal

- gjelde for fire år
- angi kva retning kommunen tenkjer å gå i framtida
- danna grunnlaget for årsbudsjetta
- fylgje opp og føre vidare satsingsområder som er lagt inn i kommuneplanen sin langsiktige del og sentrale vedtak som er gjort.

Årsbudsjettet skal

- utgjere år 1 i økonomiplanen og gjelde for eit år
- bygge på prioriteringar i økonomiplanen
- være bevillingsdokument, dvs. at vedtatt budsjett angir kva netto rammer kommunestyret har løyvd til kommunen sin verksemd det kommande året. Rammene er bindande for rammeområda.

Seksjonane utarbeider sine forslag til årsbudsjett på artsnivå innafor sine respektive rammeområder etter gjeldande budsjettforskrifter. Fordi budsjettet skal bli vedtatt på rammeområde må seksjonane formulere forslag til mål og premisser på dei tenestene kor det er nødvendig for å forklare kva ein vil oppnå med løyvinga. Oppstilling og fordeling

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal setjast opp i Økoplan etter vedtatt ansvarsstruktur. Dei skal byggje på seksjonane sine rekneskap frå året før men som skal korrigerast for:

Forventa endringar i perioden (ny verksemd o.l.)
Målsetjingar for seksjonane si verksemd
Resultater som forventast nådd i planperioden
Endringar i stillingar (nye/endringar/reduksjonar)

Kommunestyret skal vedta driftsbudsjettet på rammeområder og og investeringsbudsjettet på prosjekt nivå iht obligatorisk oppstilling, jfr budsjettforskrift.

Etter kommunelova sin § 44 skal økonomiplanen omfatte heile kommunen si verksemd, være realistisk og setjast opp på ein oversiktleg måte, (ansvar, teneste og art). Økonomiplan og årsbudsjett skal kommunestyret vedta på netto rammeområde;

Kommunen har etter omorganiseringa i 2005 desse rammeområdene:
sentraladministrasjonen
kultur/skule/barnehage
helse/sosial/barnevern

Innafor kvart rammeområde sorterer fleire ansvar som er fastsett i den interne kontoplanen. Kvart rammeområde har fleire tenestar.

Dersom kommunestyret vedtar ei innsparing for eit rammeområde, skal denne så langt mogleg vera spesifisert.

Behandling
Behandling av økonomiplan og årsbudsjett skal skje i samsvar med kommunelova sine §§ 44 og 45, og budsjettforskrift §§ 3, 4 og 15.

Mynde / vedtak i budsjettsaker

Kommunestyret skal vedta budsjettet som nettoramme pr. rammeområde. Kommunestyret skal i tillegg gi mål og premisser for tildelinga. Kommunestyret må sjølv føreta budsjettjusteringar dersom nettoramma for det gitte ansvarsområde er overskredet.

Når kommunestyret fattar vedtak på nettoramme pr rammeområde (seksjon), medfører dette at seksjonssjefane må vurdere tertialrapportane for å finne ut om kostnader og inntekter i perioden står i forhold til budsjettet for heile året. Har ein seksjon brukt ein forholdsmessig stor del av budsjettet må seksjonssjef og rådmann vurdere om meirforbruket er av ein slik art at det er fare for at kommunestyret si bevilling på årsbasis ikkje er tilstrekkeleg. Kan ikkje meirforbruket, etter rådmannen si vurdering, dekkjast inn i løpet av året, legg rådmannen fram sak om tilleggsbevilling til kommunestyret.

Økonomiske oversikter -drift

	Regnskap 2008	Budsjett 2009	Budsjett 2010	Budsjett 2011	Budsjett 2012	Budsjett 2013
Driftsinntekter						
Brukerbetalinger	2.715.010,10	2.475.000,00	2.599.000,00	2.599.000,00	2.599.000,00	2.599.000,00
Andre salgs- og leieinntekter	4.606.571,28	4.507.550,00	4.798.300,00	4.798.300,00	4.798.300,00	4.798.300,00
Overføringer med krav til motytelse	14.206.341,25	12.414.105,00	11.785.400,00	11.385.400,00	11.185.400,00	11.185.400,00
Rammetilskudd	21.707.053,00	24.536.000,00	27.517.000,00	27.858.000,00	27.833.000,00	28.098.000,00
Andre statlige overføringer	1.672.870,00	480.000,00	400.000,00	400.000,00	400.000,00	400.000,00
Andre overføringer	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Skatt på inntekt og formue	15.091.049,00	17.651.000,00	16.538.000,00	16.538.000,00	16.538.000,00	16.538.000,00
Eiendomsskatt	6.568.635,00	8.227.000,00	7.400.000,00	7.400.000,00	7.400.000,00	7.400.000,00
Andre direkte og indirekte skatter	713.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum driftsinntekter	67.280.529,63	70.290.655,00	71.037.700,00	70.978.700,00	70.753.700,00	71.018.700,00
Driftsutgifter						
Lønnsutgifter	33.983.695,67	34.818.000,00	37.696.400,00	37.706.400,00	37.296.400,00	37.306.400,00
Sosiale utgifter	9.063.519,36	10.555.050,00	11.392.800,00	11.392.800,00	11.392.800,00	11.392.800,00
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	9.341.925,16	10.454.000,00	9.789.800,00	9.362.100,00	8.832.100,00	8.757.100,00
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	5.188.546,21	4.912.300,00	3.663.500,00	3.863.500,00	3.863.500,00	3.863.500,00
Overføringer	5.185.081,80	4.793.100,00	5.546.700,00	5.296.700,00	5.296.700,00	5.281.700,00
Avskrivninger	2.792.362,00	2.600.000,00	2.600.000,00	2.600.000,00	2.600.000,00	2.600.000,00
Fordelte utgifter	0,00	150.000,00	-30.000,00	-80.000,00	-80.000,00	-80.000,00
Sum driftsutgifter	65.555.130,20	68.282.450,00	70.659.200,00	70.141.500,00	69.201.500,00	69.121.500,00
Brutto driftsresultat	1.725.399,43	2.008.205,00	378.500,00	837.200,00	1.552.200,00	1.897.200,00
Finansinntekter						
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	2.828.409,00	2.000.000,00	2.000.000,00	2.000.000,00	2.000.000,00	2.000.000,00
Mottatte avdrag på utlån	40.000,00	10.500,00	10.500,00	10.500,00	10.500,00	10.500,00
Sum eksterne finansinntekter	2.868.409,00	2.010.500,00	2.010.500,00	2.010.500,00	2.010.500,00	2.010.500,00
Finansutgifter						
Renteutgifter, provisjoner og andre fin.utg.	2.380.395,49	2.400.000,00	1.700.000,00	1.700.000,00	1.700.000,00	1.700.000,00
Avdragsutgifter	2.215.512,00	2.050.000,00	2.060.000,00	2.060.000,00	2.060.000,00	2.060.000,00
Utlån	1.500,00	10.500,00	10.500,00	10.500,00	10.500,00	10.500,00
Sum eksterne finansutgifter	4.597.407,49	4.460.500,00	3.770.500,00	3.770.500,00	3.770.500,00	3.770.500,00

08.11.2009

	Regnskap 2008	Budsjett 2009	Budsjett 2010	Budsjett 2011	Budsjett 2012	Budsjett 2013
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-1.728.998,49	-2.450.000,00	-1.760.000,00	-1.760.000,00	-1.760.000,00	-1.760.000,00
Motpost avskrivninger	2.792.362,00	2.600.000,00	2.600.000,00	2.600.000,00	2.600.000,00	2.600.000,00
Netto driftsresultat	2.788.762,94	2.158.205,00	1.218.500,00	1.677.200,00	2.392.200,00	2.737.200,00
Interne finanstransaksjoner						
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	3.826.670,86	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av disposisjonsfond	116.465,77	199.550,00	250.000,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av bundne fond	1.590.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av likviditetsreserve	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum bruk av avsetninger	5.533.136,63	199.550,00	250.000,00	0,00	0,00	0,00
Overført til investeringsregnskapet	891.329,45	600.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsetninger til disposisjonsfond	3.881.728,00	9.500,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsetninger til bundne fond	608.234,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsetninger til likviditetsreserven	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum avsetninger	5.381.291,45	609.500,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	2.940.608,12	1.748.255,00	1.468.500,00	1.677.200,00	2.392.200,00	2.737.200,00

Økonomiske oversikter - investering

	Regnskap 2008	Budsjett 2009	Budsjett 2010	Budsjett 2011	Budsjett 2012	Budsjett 2013
Inntekter						
Salg av driftsmidler og fast eiendom	413.695,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum inntekter	413.695,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Utgifter						
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	3.047.134,74	2.000.000,00	1.100.000,00	0,00	0,00	0,00
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Overføringer	80.349,95	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum utgifter	3.127.484,69	2.000.000,00	1.100.000,00	0,00	0,00	0,00
Finansransaksjoner						
Avdragsutgifter	94.080,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Utlån	690.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Kjøp av aksjer og andeler	106.586,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsetninger til ubundne investeringsfond	626.751,30	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsetninger til bundne fond	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum finansieringstransaksjoner	1.517.417,30	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Finansieringsbehov	4.231.206,99	2.000.000,00	1.100.000,00	0,00	0,00	0,00
Dekket slik:						
Bruk av lån	690.000,00	1.000.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Mottatte avdrag på utlån	22.275,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Overføringer fra driftsregnskapet	891.329,45	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av disposisjonsfond	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av ubundne investeringsfond	2.555.797,54	1.000.000,00	1.100.000,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av bundne fond	71.805,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av likviditetsreserve	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum finansiering	4.231.206,99	2.000.000,00	1.100.000,00	0,00	0,00	0,00
Udekket/udisponert	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00

Anskaffelse og anvendelse av midler

	Regnskap 2008	Budsjett 2009	Budsjett 2010	Budsjett 2011	Budsjett 2012	Budsjett 2013
Anskaffelse og anvendelse av midler						
Anskaffelse av midler						
Inntekter driftsdel (kontoklasse 1)	67.280.529,63	70.290.655,00	71.037.700,00	70.978.700,00	70.753.700,00	71.018.700,00
Inntekter investeringsdel (kontoklasse 0)	413.695,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Innbetalinger ved eksterne finanstransaksjoner	3.580.684,00	3.010.500,00	2.010.500,00	2.010.500,00	2.010.500,00	2.010.500,00
Sum anskaffelse av midler	71.274.908,63	73.301.155,00	73.048.200,00	72.989.200,00	72.764.200,00	73.029.200,00
Anvendelse av midler						
Utgifter driftsdel (kontoklasse 1)	62.762.768,20	64.439.910,00	65.889.200,00	65.421.500,00	64.481.500,00	64.401.500,00
Utgifter investeringsdel (kontoklasse 0)	3.127.484,69	2.000.000,00	1.100.000,00	0,00	0,00	0,00
Utbetaling ved eksterne finanstransaksjoner	5.488.073,49	4.460.500,00	3.770.500,00	3.770.500,00	3.770.500,00	3.770.500,00
Sum anvendelse av midler	71.378.326,38	70.900.410,00	70.759.700,00	69.192.000,00	68.252.000,00	68.172.000,00
Anskaffelse - anvendelse av midler	-103.417,75	2.400.745,00	2.288.500,00	3.797.200,00	4.512.200,00	4.857.200,00
Endring i ubrukte lånemidler	310.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK	213.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Endring i arbeidskapital	419.582,25	2.400.745,00	2.288.500,00	3.797.200,00	4.512.200,00	4.857.200,00
Avsetninger og bruk av avsetninger						
Avsetninger	8.057.321,42	1.757.755,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av avsetninger	8.160.739,17	1.199.550,00	1.350.000,00	0,00	0,00	0,00
Til avsetning senere år	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Netto avsetninger	-103.417,75	558.205,00	-1.350.000,00	0,00	0,00	0,00
Int. overføringer og fordelinger						
Interne inntekter mv	7.582.453,26	5.915.400,00	5.895.400,00	5.895.400,00	5.895.400,00	5.895.400,00
Interne utgifter mv	7.582.453,26	6.665.400,00	5.865.400,00	5.815.400,00	5.815.400,00	5.815.400,00
Netto interne overføringer	0,00	-750.000,00	30.000,00	80.000,00	80.000,00	80.000,00

Budsjettskjema 1A - drift


	Regnskap 2008	Budsjett 2009	Budsjett 2010	Budsjett 2011	Budsjett 2012	Budsjett 2013
Budsjettskjema 1A - drift						
Skatt på inntekt og formue	15.091.049,00	17.651.000,00	16.538.000,00	16.538.000,00	16.538.000,00	16.538.000,00
Ordinært rammetilskudd	21.707.053,00	24.536.000,00	27.517.000,00	27.858.000,00	27.833.000,00	28.098.000,00
Skatt på eiendom	6.568.635,00	8.227.000,00	7.400.000,00	7.400.000,00	7.400.000,00	7.400.000,00
Andre direkte eller indirekte skatter	713.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Andre generelle statstilskudd	1.672.870,00	480.000,00	400.000,00	400.000,00	400.000,00	400.000,00
Sum frie disponible inntekter	45.752.607,00	50.894.000,00	51.855.000,00	52.196.000,00	52.171.000,00	52.436.000,00
Renteinntekter og utbytte	2.828.409,00	2.000.000,00	2.000.000,00	2.000.000,00	2.000.000,00	2.000.000,00
Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg.	2.380.395,49	2.400.000,00	1.700.000,00	1.700.000,00	1.700.000,00	1.700.000,00
Avdrag på lån	2.215.512,00	2.050.000,00	2.060.000,00	2.060.000,00	2.060.000,00	2.060.000,00
Netto finansinnt./utg.	-1.767.498,49	-2.450.000,00	-1.760.000,00	-1.760.000,00	-1.760.000,00	-1.760.000,00
Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Til ubundne avsetninger	3.881.728,00	9.500,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Til bundne avsetninger	608.234,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av tidligere regnks.m. mindreforbruk	3.826.670,86	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av ubundne avsetninger	116.465,77	199.550,00	250.000,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av bundne avsetninger	1.590.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Netto avsetninger	1.043.174,63	190.050,00	250.000,00	0,00	0,00	0,00
Overført til investeringsbudsjettet	891.329,45	600.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Til fordeling drift	44.136.953,69	48.034.050,00	50.345.000,00	50.436.000,00	50.411.000,00	50.676.000,00
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	41.196.346,00	46.583.600,00	48.876.500,00	48.758.800,00	48.018.800,00	47.938.800,00
Mer/mindreforbruk	2.940.607,69	1.450.450,00	1.468.500,00	1.677.200,00	2.392.200,00	2.737.200,00

Budsjettskjema 2A - investering

	Regnskap 2008	Budsjett 2009	Budsjett 2010	Budsjett 2011	Budsjett 2012	Budsj
Budsjettskjema 2A - investering						
Investeringer i anleggsmidler	3.127.484,69	2.000.000,00	1.100.000,00	0,00	0,00	
Utlån og forskutteringer	796.586,00	0,00	0,00	0,00	0,00	
Avdrag på lån	94.080,00	0,00	0,00	0,00	0,00	
Avsetninger	626.751,30	0,00	0,00	0,00	0,00	
Årets finansieringsbehov	4.644.901,99	2.000.000,00	1.100.000,00	0,00	0,00	
Finansiert slik:						
Bruk av lånemidler	690.000,00	1.000.000,00	0,00	0,00	0,00	
Inntekter fra salg av anleggsmidler	413.695,00	0,00	0,00	0,00	0,00	
Tilskudd til investeringer	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	
Mottatte avdrag på lån og refusjoner	22.275,00	0,00	0,00	0,00	0,00	
Andre inntekter	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	
Sum ekstern finansiering	1.125.970,00	1.000.000,00	0,00	0,00	0,00	
Overført fra driftsbudsjettet	891.329,45	0,00	0,00	0,00	0,00	
Bruk av avsetninger	2.627.602,54	1.000.000,00	1.100.000,00	0,00	0,00	
Sum finansiering	4.644.901,99	2.000.000,00	1.100.000,00	0,00	0,00	
Udekket/udisponert	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	

Budsjettskjema 1 B – Fordeling drift

	Budsjett 2010	Budsjett 2011	Budsjett 2012	Budsjett 2013
1 SENTRALADMINISTRASJONEN	13.181.800	12.941.800	12.231.800	12.241.800
2 SEKSJON KULTUR, SKULE OG B.HAGE	15.231.000	15.231.000	15.201.000	15.111.000
3 SEKSJON HELSE, SOSIAL OG BARNEVERN	16.606.400	16.586.400	16.586.400	16.586.400
6 SEKSJON TEKNISK	3.857.300	3.999.600	3.999.600	3.999.600
Sum overført til drift:	48.876.500	48.758.800	48.018.800	47.938.800



Budsjettskjema 2B - investering

Forslag til nye investeringar i budsjettet og økonomiplan 2009- 2012

	2010	2011	2012	2013
IKT utstyr	800 000	0	0	0
Føresvik havn	300 000			
Totalt	1 100 000		0	0
Finansiert vha fond	1 100 000			

Behov - begrunning	Kostnad	2 010	2011	2012	2013
Prosjekt : / Kjekt på Bokn	500 000	500 000	500 000	500 000	500 000
Arbeidsgrupper Kjekt på Bokn		150 000	150 000	150 000	150 000
Møbler/utstyr kommunebygg	100 000	20 000	20 000	20 000	20 000
Aktivitetsauke bebuarar	50 000	20 000	0	0	
Barnehagen - uteleikeområdet	30 000	30 000	30 000	30 000	30 000
Hygienekontrollprogram	25 000	25 000	25 000	25 000	25 000
Kompetanse/øverlar Ambulanse	50 000	50 000	50 000	50 000	50 000
Helsekoordinator	200 000	200 000	200 000		
rep. Kai Torvberget	20 000	20 000			
Planl. kjøp av vegtenester	20 000	20 000			
Brannvernssamarbeid	150 000	150 000	150 000	150 000	150 000
reservert løyving til IKT	800 000	800 000	800 000	800 000	800 000
Nye vindu skulen (54 stk)	400 000	400 000			
reservert løyving til Opplæringsplan	400 000	400 000	400 000	400 000	400 000
Trafikksikring	100 000	100 000	100 000		
Rehabilitering av ledningsnett / utskifting av kummer	100 000	60 000	60 000	60 000	60 000
Filmprosjekt (Petra / skulen)	60 000	30 000	30 000		
videokamera x2					
Leikeplassar kontroll (10) utstyr (40)	50 000	10 000			
lisens barnevern	10 000	10 000	10 000	10 000	10 000
Auka drift Petra	40 000	0			
Investeringstilskudd ishall	125 000	125 000			
Investeringstilskudd idrettshall	125 000	125 000			
Bibliotek litteratur	15 000				
Bibliotek stilling 0,2 (helår 120000)	60 000				
Kulturskulen + 0,25 år	129 000	129000	129000	129000	129000
Bygdablad teknisk bistand	60 000				
Logopedavtale	70 000				
Lærlingeordning helsefagarbeidar			47 600	150 000	236 000
Utskifting av røropplegg, eldste bygningsdel					
Summen av nye tiltak som er lagt inn i budsjettet for perioden 2010-2013	3 689 000	3 374 000	2 701 600	2 474 000	2 560 000
finansiert vha lån skule		-400 000			
bruk av disp fond		-250 000			
finansiert av driftsbudsjettet		2 724 000			

Noter til driftsrekneskapet:

Note 1. - skatteinntekter,

Det er her lagt til grunn at skatteinntektene for Bokn kommune vil liggja på ca 90 % av landsgjennomsnittet ihht prognose.

Note 2.- rammetilskot

I tillegg til ordinært rammetilskot får kommunen eit regionaltilskot som utgjør 5,7 mill pr. i 2010. Dette er ein auke på 172.000 frå 2009. Veksttilskot på kr. 213.000 som vi fekk i 2009 er borte. Rammetilskotet er utrekna vha. prognosemodellen, og er i samsvar med dei føresetningane som er gitt frå sentralt hald.

Note 3 - Utbytte

Utbytte gjeld renter av bankinnskot og aksjeutbytte frå Haugaland Kraft.

Note 4. - Bundne avsetningar og bruk av desse

Der er ikkje avsett til bundne fond i perioden og heller ikkje bruk av desse. I løpet av budsjettåret kan det vera aktuelt å bruke bunde fond til utlån av husbankmidler/etableringslån og ein vil då foreta nødvendige budsjettendringar.

Kommentarar til driftsbudsjettet.

Bruk av Kostra tal

Frå Statistisk Sentralbyrå kan vi hente ut drifts- og økonomidata frå alle kommunane i landet. Kommunane er grupperte slik at alle skal tilhøyre ei gruppe av kommunar som vi kan samanlikne oss med. Vi tilhøyrer gruppe 6, basert på at desse kommunane er små og har ein del like trekk. I budsjettet har vi difor valgt å ta med denne gruppa som samanlikning men vi har også tatt med gjennomsnittet for alle kommunane i Rogaland.

Tenestar

Kommunen sine seksjonar (i budsjettet kalla rammeområder) har hovudansvaret for ulike tenestar. I nokre tilfelle vil to eller fleire seksjonar dele på tenesteytinga.

Vi har for kvart rammeområde laga eit "kakediagram" som viser kor stor andel kvar enkelt teneste utgjer innafor området. Diagramma er basert på kostnadene ved ordinær drift inkl. dei nye tiltaka som er foreslått i budsjettet.

Korleis tenestane vert fordelt på det enkelte rammeområdet og innafor rammeområdet vil i stor grad henga saman med intern arbeidsfordeling mellom seksjonane, og denne kan variera litt frå år til år. Ein har ikkje lagt opp til at det blir endringar i ansvaret mellom rammeområda i budsjettet for 2010

Andre merknader:

Kommunen har i mange år tatt inn lærlingar, men på grunn av den stramme økonomiske situasjonen i 2005 og vanskeleg å få rekruttert, har vi ikkje budsjettert med lærlingar i dei siste åra. Ein ynskjer å starta opp igjen med nye lærlingar men har ikkje lagt dette inn i økonomiplanen.

Oversikt fond pr. okt. 09


BD BOKN BYGDAMUSEUM	-35 455
BD Båtforeninga	-16 644
BD HAUGALANDRÅDET	-3 017 767
BD STARTLÅN	-412 930
BD TAP PÅ ETABLERING	-48 000
BD Tåganes kai	-60 000
BD VILTFOND	-24 100
BD. BUSTADTILSK.	-145 552
BD. NÆRING (KOMP.ARB)	-67 825
BD.KAIA LARSEN KRO LEGAT	-66 736
	-3 895 009

DF - AKUB	-56 000
DF - MUSEUM	-30 000
DF - tilskot skytebane	-22 500
DF BYGDABOKFOND	-536 842
DF EDB (1905)	-200 000
DF EDRUSKAP	-13 207
DF KJEKT PÅ BOKN	-1 422 208
DF KULTURPRIS	-4 363
DF LEIKEPLASSER	-18 818
DF NYDYRKING	-14 977
DF NÆRINGSUTVIKLING	-7 316
DF PROFIL	-56 775
DF Seniorpol.tiltak	-74 167
DF SJUKE/KOMPETANSEUTVIKLING	-85 525
DF STARTLÅN	-90 506
DF-PRIV.VANNVERK	-50 000
DF-VEDL.H.BYGG/vei (6031)	-767 447
	-3 450 651

DISPOSISJONSFOND	-4 413 701
LÅNEAVDRAGSFOND	-163 746
MIDL.LÅN AV KAPITAL FOND 25399	1 480 693
UK KAPITALFOND	-3 697 933
	-2 217 240

UK EDB-SKULE	-13 749
UK KJEKT PÅ BOKN	-293 430
UK KJØP AV GRUNN (BUD 08)	-250 000
UK KYRKJEBYGD	-103 100
UK PCB	-53 566
UK SMÅBÅTHAVN HÅLANDSJØEN	-432 125
UK UTEOMR. FØRESVIK (ANSV 200)	-50 964
UK UTEOMR. FØRESVIK (ANSV. 600)	-311 000
UK UTVIDA BARNEHAGEKAP	-145 024
UK VEGKRYSS JØSANG	-53 998
UK-AGGREGAT	-200 000
UK-UV-ANLEGG	-710 000
	-2 616 955

Rammeområde 1 – Sentraladministrasjonen



Rammeområdet omfattar utgifter til politisk styring og kontroll, administrasjon og næring. I tillegg har sentraladministrasjonen innkjøp og koordinering av ein del varer og tenestar som vert fordelt på dei ulike tenestane etter forbruk. Frå og med 2006 har Bokn også fått rekneskapsføringa for Haugalandrådet.

Teneste 1000 Politisk styring og kontrollorganer

Kostnadene som er knytta til denne tenesta er godtgjering til folkevalde, utgifter til val, partistøtte, medlemsskap i politiske foreningar, annonsering, saksdokument og revisjon. I tillegg er her også lagt inn kr1.000.000,- i "reserverte løyvingar" som kan nyttast til ekstraordinære utgifter som kan koma i budsjettåret.

Kostra nøkkeltal rekneskap 2005-2008

	Bokn 2005	Bokn 2006	Bokn 2007	Bokn 2008	Rogaland gj.snitt 2008	Gruppe 06 2008
Brutto driftsutgifter til politisk styring og kontroll (funksjon 100) i kr. pr. innb.	1783	1941	1663	1985	354	1355

Utgiftene til politisk styring og kontroll ligg høgare enn andre kommunar som vi vert samanlikna med (gruppe 6), men årsaken er at vi har færre innbyggjarar å fordele kostnadene på.

Kostnadene er fordelt slik
 Honorar/møtegodtgjersle 60%
 Utgifter til materiell etc. 30%
 Tilskot/kontigentar 10%

Budsjettet for 2010 har ei utgift pr. innbyggjar på kr. 1948,-

Slettet: utgift

Teneste 1200 – 1203 Administrasjon

Tenesta skal omfatta alle administrasjonsutgifter som ikkje direkte kan relaterast til andre tenestar og som er felles for heile kommunen, dvs. rådmann samt alle fellesfunksjonane slik som økonomi, personal, It og servicetorg.

Kostra nøkkeltal 2005-2008

	Bokn	Bokn	Bokn	Bokn	Rogaland gj.snitt	Gruppe 06
	2005	2006	2007	2008	2008	2008
Brutto driftsutgifter til administrasjon (funksjon 120) i kr. pr. innb.	3873	3716	3866	4076	2469	7522

Kostra nøkkeltala viser at kommunen sine utgifter til administrasjon pr innbyggjar. Fortsatt er utgiftene høgare enn gjennomsnitt for Rogaland, men vesentleg lågare enn for kommunegrupp 06 som Bokn blir samanlikna med. Utgiftene til administrasjon fordelt pr. innbyggjar vil alltid bli høge i kommunar på Bokn sin storleik, samanlikna med større kommunar. Desse faktatala må ein sjå i forhold til kva som er definert som administrasjon i kvar kommune, og i små kommunar utfører tilsette i administrasjonen mange oppgåver for tenesteområdene. Desse oppgåvene er det vanskeleg å talfeste nøyaktig.

I 2010 er kostnaden budsjettert til; kr. 4.200.-

Årsverka i administrasjonen er 5,95 og i tillegg kjøper ein tenester frå SR bank med ca 50% stilling. 20% av datastillinga vert solgt til Utsira og resten av stillingane i sentraladministrasjonen (5,75%) vert brukt til skatt (60%), fellestenester, sekretærfunksjon for politiske utval og administrasjon.

Til sentraladministrasjonen ligg fylgjande oppgåver:

- Politisk sekretariat for kommunestyre, formannskap og forvaltningsstyre
- Leiding av kommunen, samordning av kommunale tenestar, intern og ekstern informasjon, overordna arbeid med lover/rutiner/reglementer etc.
- Budsjett, lønsarbeid, rekneskap, fakturering og skatteinnkrevjing
- Sentralbord, postbehandling, arkivering, kundemottak
- Drift av datanettet, sikring av data etc.
- Interkommunalt samarbeid
- Næringsarbeid

Formatert: Punktmerking og nummerering

Formatert: Punktmerking og nummerering

Servicetorget

Samarbeidet med SR-bank har fungert godt, men utskifting av personalet fører til at fordeling av arbeidsoppgåver til tider vert noko reversert. Kundemottak, sentralbord, diverse forefallande kontorarbeid og generell informasjon skal i stor grad utførast av tilsette i SR-bank. Dette vil gi dei tilsette i servicetorget mulighet til å ha større fokus på interne tenester slik som postbehandling, arkiv, arbeid med tilrettelegging av politiske møter og møtepapirer,

etc. Servicetorget har ansvaret for felles innkjøp av kontormateriell, o.a. Servicetorget skal i tillegg utføre oppgaver for seksjonane, og vert ved behov involvert i enkeltsaker f.eks gjeldsrådgivning. Bustøtte er også ein oppgåve som vert utført av servicetorget og som legg beslag på min. 1 dagsverk pr. måned.

For 2010 vert IKT rutiner og sikkerhet eit prioritert område og ein må vidareføre opplæring av bankansatte for å kunna nytta den ressursen som kommunen har tilgjengelig gjennom avtale med SR-bank.

Førstelinjetenester for Haugaland likningskontor retta mot innbyggerar i Bokn vert etter avtale utført av servicetorget. Aktiviteten er størst på dette området i den perioden kor sjølvmeldinga skal leverast inn, når skatteoppgjeret vert utsendt og når nye skattekort vert utsendt.

IT :

Totalt har kommunen nå ca. 200 pc'ar fordelt på brukarar i administrasjonen og seksjonane. Mange av desse maskinane er knytt til skulen. I tillegg har vi 8 servere med ulike program og databaseprogram som skal haldast oppdatert.

Den kommunale verksemda i dag er heilt avhengig av eit godt fungerande ikt-system, med nettverksforbindelse både internt og eksternt.

I 2009 har vi i perioder hatt store driftsproblem, og etter ein "helsesjekk" på hovudserver viser det seg at denne nå er moden for utskifting. Serveren er 4 år, og det er normal levetid for slikt utstyr. Avtalen med trådløs radiolink via Tysvær er også sagt opp, og vi må innan 31.12.09 etablere ei ny løysing. I tillegg til desse lokale utfordringane har også sentrale myndigheter vedtatt ein "eKommune 2012" strategi som stiller store krav til kommunane om framtidige IKT standard.

Med bakgrunn i "eKommune 2012" og lokale utfordringar har kommunen nå i haust utarbeidd forslag til strategisk IKT plan for Bokn kommune. Planen vert sendt ut saman med budsjettet til orientering, men før planen kjem til politisk behandling skal den ut på høyring i organisasjonen. Planen er meint som bakgrunnsinformasjon sidan vi ut frå forslaget til strategisk IKT plan har lagt inn kostnader til IKT satsinga i budsjettforslaget. Kostnadene med programvare, lisensar og maskinpark er store, og det må jevnleg foretas oppgradering av teknisk utstyr som har ei levetid på 3 - 5 år, avhengig av bruksområder. Også programvaren endrar seg over tid, ny teknologi fører til endringar i "plattform" og nye programversjonar.

I IKT strategien for Bokn kommune har ein definert ei målsetting om at:

"Bokn kommune skal vera ein velfungerande kommune som nyttar IKT for å gi innbyggerane gode tenester og for å effektivisere og kvalitetssikre dei interne prosessane".

For å oppnå denne målsettinga er det ein del satsingsområder bl.a;

- Etablere ein IKT infrastruktur kor programma kan samhandle.
- Innføre funksjonelle dataprogram for alle tenesteområdene
- Opplæring av tilsette
- Samarbeid med andre kommunar
- Jevnleg utskifting av teknisk utstyr

I driftsbudsjettet for 2009 var kostnadene til IKT, drift, lisensar, utstyr, linjeleige etc. på ca 1.mill. Med bakgrunn i strategisk IKT plan foreslår administrasjonen at ein i 2010 satsar på å utvikle velfungerande IKT løysingar, og i forslag til budsjett for 2010 er driftskostnadene auka med ytterlegare 800.000,-. I tillegg er det berekna investeringar på om lag 800.000,-. Investeringane omfattar nye fagprogram for seksjonane samt overgang til Web modular som gir grunnlag for å etablere samhandling mellom fagprogram og elektroniske tenester for innbyggerane.

Økonomiavdelinga

har i budsjettet lagt opp til same kostnadsnivå som i 2009.

Hovudoppgåvene i avdelinga er skatt, rekneskapsføring, løn, fakturering, budsjett, innkjøpsavtalar, personalpolitikk og HMS. I tillegg har økonomiavdelinga rekneskapet for Haugalandrådet. Avdelinga har det overordna ansvar for at sentrale lovar og reglar innan rekneskap/økonomiforvaltning og løn/arbeidsforhold/HMS vert ivaretatt, og utarbeide/revidere lokale reglement og retningslinjer innafor desse områdene. Utover dei faste oppgåvene har avdelinga fokus på å gi service til seksjonane og hjelpe til med rapporteringar, statistikkar, berekningar etc. der det er behov. I 2010 vil avdelinga ha fokus på IKT og ha eit sentralt ansvar for den vidare utviklinga innan dette området. Avdelinga har ansvaret for dei fleste av dei sentrale dataprogramma som er i bruk og har sentrale databasar som skal samhandle med andre fagprogram. I samarbeid med seksjonane vil utfordringa vera å innføre og integrere nyttige IKT-verktøy med gode og sikre rutiner, og som fører til effektiv bruk av ressursar.

Bokn kommune var ein av pilotkommunane då vi starta 4K-samarbeidet for 10 år sidan. Dette samarbeidet fungerer fortsatt godt og gir oss gevinstar ved innføring av nye program og opplæring. Felles databasar og felles opplæring kan i mange tilfeller redusera kostnadene pr. kommune med over 50%, og dette vil ein i størst mogeleg grad dra nytte av i tida framover.

Samarbeid med andre kommunar er fortsatt viktig både innafor fagområdene økonomi og lønn/personal. Små og mellomstore kommunar har normalt enkeltpersonar i desse funksjonane og manglar fagmiljø i eigen kommune. Dei samarbeida vi har er tenelege for kommunen, bl.a. innkjøpssamarbeidet, interkommunal revisjon og arbeidsgivarkontroll. Kommunane på Haugalandet og i Rogaland har også brukarforum for Unique program, kor fokus er å dele kunnskap. I tillegg har økonomisjefane eit tett samarbeid, og dette gir eit godt fagmiljø som sikrar at kvaliteten i økonomiarbeidet i kommunane er god og samordna i Haugalandskommunane. Personalansvarlege i dei små og mellomstore kommunane i distriktet har også eit nært fagleg samarbeid.

Unique sine løn-, faktura og [økonomiprogram](#) har vore eit driftsikkert verktøy som har god [funksjonalitet](#). Drifta av programma inkl. server er lokalisert til Sykkylven kor vi i 4K (Bokn, Finnøy, Forsand og Utsira) har driftsavtale med eit lokalt firma ut 2010. 4K samarbeidet må i løpet av 2010 ta ein ny anbudsrunde på driftsløysing, men ut frå dei gode erfaringane vi har med ekstern drift, nær 100% oppetid, god teknisk kompetanse og service, er det den type løysing vi ynskjer å fortsette med.

Nytt program for skatterekneskapet vart innført i 2008. I åra framover vil det truleg ikkje bli større endringar i denne drifta.

Utgiftene til vedlikehald og driftsavtalar for dei dataprogramma vi har innan økonomi, fakturering, fakturascanning, lønn/personal og skatt er budsjettert til kr. 320.000. Utgiftene til drift og vedlikehald av eventuelle nye program er usikkert, men dette er lagt inn nye tiltak. (kr. 800.000,- til IKT drift i heile kommunen)

Innafor personaltenesten har vi som tidlegare budsjettert med utgifter til gratiale, HMS arbeid og velferdstilbod til dei tilsette og kostnadene til Haugaland HMS senter. I tillegg har vi for 2008 og åra framover lagt inn kr. 160.000 for seniorpolitiske tiltak ihht, vedtatt plan for seniorpolitikk.

Kommunen er i 2009-2010 med i eit rekrutteringsprosjekt i regi av Haugaland Vekst. Sjølv om vår kommune pt har god dekning av fagpersonell i dei fleste stillingane, så ser ein at rekrutteringa til mange av dei kommunale yrkene er låg.

I 2009 hadde vi også eit rekrutteringsprosjektet for kommunane på Haugalandet kor mykje av fokuset var å rekruttere til kommunale jobber dvs. markedsføring mot ungdom som skal velje utdanningsveg. I 2010 er prosjektet avslutta, men kommunane samarbeider framleis med HSH om å utvikle vidareutdanning for komunalt tilsette.

I tariffoppgjeret for 2008 vart det vedtatt at alle kommunar skulle gjennomføre kompetansekartlegging innan april 09. Bokn har manuell oversikt over den formelle kompetansen hjå dei tilsette, men det er vanskelegare å dokumentere, registrere og vekte det ein kallar realkompetanse. Inntil vidare er det ingen klare retningslinjer eller metodar ein skal bruke til dette. Den manuelle oversikten (på diverse excel ark) er også eit dårleg verktoy og det er difor eit mål å få etablert ein web-basert kompetansemodul knytta til personalprogrammet kor den enkelte sjølv skal kontrollere og oppdatere sin kompetanse etter fastsette retningslinjer.

HMS

I budsjettet for 2010 har vi videreført same drift som tidlegare. Sentraladministrasjonen har ansvar for at det vert gjennomført arbeids-helse undersøkelse ihht lovverket, og at det vert gitt nødvendig opplæring i HMS arbeid for leiarar, tillitsvalgte og verneombud. Kommunen har eit samarbeid med Haugaland HMS senter Den enkelte seksjon har budsjettert inn konkrete HMS tiltak etter behov. I HMS handlingsplanen for 2010 skal ein i samarbeid med HMS senteret revitalisere AMU som dessverre har vore nedprioritert i 2009. I tillegg skal ein styrka opplæringa av leiarar når det gjeld å fylgje opp medarbeidare med helseproblem og å ta tak i andre arbeidsmiljøproblem som oppstår.

Teneste 1300 Administrasjonslokaler

Boknatun er nå 100% eigd av kommunen og vi leiger ut lokalene til SR-bank, NAV, fysioterapeut, fortterapeut og frisør. Fylkestannklinikken har ingen leigeavtale, men har gratis bruk av lokala.

Utgiftene på teneste 1300 er ca 30% av kostnadene for vaktmestertenesta, reinhald, straum, vedlikehald o.a. liknande kostnader som gjeld Boknatun. Sidan Boknatun er eit kombinasjonsbygg har vi anslått at ca 30% er den andelen av bygget som vert brukt til administrasjonsbygg inkl. utleigelokaler.

Teneste 1800 Diverse fellestenestar

Tenesta inneheld utgifter til forsyningsnemnda, sivilforsvaret, eldreråd og forlikrådet. Her budsjetterer vi også pensjonsavvik, denne er lagt inn på same nivå som tidlegare med 500.000. Dei øvrige tenestane er også budsjettert med same prisjusterte nivå som i 2009.

Teneste 3250 Tilrettelegging om bistand til næringslivet

Bokn kommune har eit sterkt fokus på næringsutvikling både lokalt og regionalt. Kommunen ser det som viktig at det både blir skapt arbeidsplassar lokalt i kommunen og regionalt i det felles busetting- og arbeidsmarknaden vi har i Haugesundregionen. Ein ser nær samanheng mellom etablering av lokale arbeidsplassar - i eller innan kort reiseavstand til kommunen - og økt busetting og vekst i kommunen. Etter at selskapsskatten no inngår som samla skatt for staten for deretter bli fordelt på samtlege kommunar, har det ikkje lenger like stor betydning for den enkelte kommune kva side av kommunegrensa bedriftene er etablert. Dette gjer at det vil vere lettare for kommunane å samarbeida om regionale nyetableringar.

Bokn kommune fekk i 2008 eit tilskott på kr. 200.000,- til næringsfond. Dette blei vidareført i 2009 – med same beløp som i 2008. Sjølv om beløpa som vert tildelt frå fondet er små synes de å bli sett stor pris på av bedriftene.

Arbeidet med å oppretthalde busetting og vidareutvikla Bokn som ein god stad å bu og veksa vil bli prioritert gjennom prosjektet "Kjekt på Bokn". Ein foreslår difor at avtalen med Rogaland Ressurscenter som prosjektansvarleg blir vidareført i 2010 og 2011. Deretter trur ein det både er mogleg og nødvendig at prosjektet blir integrert i dei daglege arbeidsoppgåvene til kommuneadministrasjonen.

Ein har lagt fylgjande hovudmålsetting til grunn for det vidare næringsutviklingsarbeidet:

"Næringsutviklingsarbeidet i Bokn skal leggja til rette for å bevare og å vidareutvikla eksisterande næringsliv og leggja til rette for nye næringsetableringar i kommunen.

Bokn vil spela ein aktiv rolle i regionalt næringsarbeid gjennom deltaking i Haugaland Vekst IKS, Haugalandrådet, Haugaland Kraft a.s og Destinasjon Haugesund og Haugalandet."

Utgiftene til næringsarbeidet ligg i budsjettframlegget for 2010 på same nivå som i 2009. Som tidlegare er det sett av midlar til Bokn Næringsforum, Destinasjon Haugesund og Haugalandet.

Bokn sitt næringsapparat er Haugaland Vekst IKS, som er eit felles næringssselskap for Haugesund, Tysvær, Utsira og Bokn. I tillegg er Rogaland Fylkeskommune medeigar i selskapet. Årlege betaler Bokn kr. 200.000,- for Haugaland Vekst sine tenester. Haugaland Vekst IKS har eit styre beståande av 2 personar frå kvar av eigarkommunane og fylkeskommunen. Haugaland Vekst har den daglege oppfølginga av bedrifter og næringsliv i kommunen og er kommunen sin saksbehandlar i nærings saker. I tillegg har Haugaland Vekst som næringsapparat for Bokn kommune sekretariatsfunksjonen for Haugalandrådet.

Våren 2010 vil eit fellesprosjekt om utarbeiding av nye næringsplanar for eigarkommunane bli eit sentralt og prioritert arbeidsområde.

Arbeidet med T-forbindelsen til Karmøy er no starta opp. Ein håper dette vil slå positivt ut i forhold til etablering av verksemder i Haugaland Næringspark.

Bokn ligger sentralt i forhold til dei store næringsparkane som blir bygd ut både på Gismarvik på Karmøy. Ein trur dette vil kunne skapa positive ringverknader både når det gjeld etterspurnad etter bustad- og næringsstomter.

Positivt er det også at ein i siste fase av arbeidet med NTP 2010 – 2019 fekk inn Rogfast. Det er no gitt rom for at arbeidet med Rogfast kan bli starta opp i perioden 2014 – 2019.

Kommunen deltar i arbeidet med planlegging av Rogfast både politisk og administrativt.

Teneste 3251 Landbruk

Revidert avtale med Tysvær om felles landbrukskontor gjer at kostnadene veks til ca. kr. 280.000,- . Dette er ei dobling i forhold til kva vi har betalt tidlegare år, men er i tråd med det som Bokn kommune får overført i rammetilskottet til drift av eit landbrukskontor. Det er som tidlegare sett av kr. 10.000,- til Forsøksringen og kr. 100.000,- til diverse tilskottsordningar.

Teneste 3900, 3930 Den norske kyrkja og kyrkjegard


Dei statlege overføringane til kyrkja er gradvis redusert dei siste åra, og i 2009 vart det slutt. Sidan kommunane har det økonomiske ansvaret for at kyrkja har nødvendige driftsmidler, har det kommunale tilskotet auka tilsvarende. Overføringa på kr.724.300 i budsjettet for 2010 er på same nivå som i 2009, dvs. prisjustert med deflator på 3,1%. For drift av kyrkjegarden er det budsjettet med kr. 88.600.

Av denne overføringa vert kr. 89.700,- ført tilbake til kommunen som refusjon for administrative og tekniske tenester bl.a. kjøring av løn, føring av rekneskap, telefon, klipp og vedlikehald av kyrkjegard etc. Netto overføring totalt til kyrkja vert kr. 723.200.

I tillegg til det ordinære tilskotet til drift av kyrkje og kyrkjegard var det i budsjettet for 2005 – 2009 lagt inn kr. 100.000,- i årlege tilskot, slik at ein kunne utføre ein del nødvendig vedlikehald og lignande på kyrkja. Planen for vedlikehald er ikkje gjennomført og kyrkja har nå over 200.000 på eit vedlikehaldsfond. Ytterlegare tilskot er difor ikkje lagt inn i budsjettet og ein vil be om at kyrkja legg fram ein revidert plan for vedlikehaldet.

Diverse andre tenester.


Rammeområdet har også ansvar for innkjøp av varer og tenester som vert fordelt på alle andre tenester. Utgiftene gjeld bl.a. telefon, rekvisita, data, forsikring og liknande. Totalt utgjer dette i overkant av 4.mill. av rammeområdet sitt budsjett.



Rammeområde 2 - Seksjon kultur, skule og barnehage

Seksjonen omfattar:

Kultur, kunstformidling, barne- og ungdomsarbeid, idrett og friluftsliv, museum, bibliotek, musikk og kulturskule, barnehage, grunnskule, vaksenopplæring etter opplæringslova, pedagogisk psykologisk teneste (Tysvær PPT i Aksdal), Bygdabladet for Bokn og prosjektet "Kjekt på Bokn - Ta naturen i bruk" .



Netto budsjettamme

Netto driftsramme for 2010 er på 15.082.000. Då er det lagt til følgjande:

Fysisk aktivitet på mellomsteget, nye 40.000 for å dekkje eit heilt år.

Forsterka opplæring i småskulen, nye 100.000 for å dekkje eit heilt år.

Kulturskulen, nye 50.000 for å dekkje eit heilt år.

Overført lønsutgiftene for barne- og ungdomsarbeidar frå seksjon helse, sosial og barnevern med 289.000.

Samanlikning med andre kommunar gjennom tal frå KOSTRA

Kultur	Bokn	Bokn	Bokn	Bokn	Bokn	Små kom.	Roga land
	2004	2005	2006	2007	2008	2008	2008
Netto driftsutgifter til kultur per innbyggjar i kroner	2268	2234	2168	1688	2847	2247	1964
Netto driftsutgifter til folkebibliotek per innbyggjar	553	579	533	441	568	445	227
Bokutlån frå folkebiblioteket per innbyggjar i alt	10,7	10,1	12,2	11,9	13,1	4,5	4,4
Netto driftsutgifter til musikk og kulturskular per innbyggjar	234	262	342	320	446	427	259
Netto driftsutgifter til aktivitetstilbod til barn og unge per innbyggjar	415	470	298	205	499	196	204
Netto driftsutgifter til idrett per innbyggjar	114	90	62	13	33	206	412

Grunnskulen, vaksenopplæring og skulefritidsordning	Bokn	Bokn	Bokn	Bokn	Bokn	Små kom.	Roga land
	2004	2005	2006	2007	2008	2008	2008
Gj.sn. gr.storleik 1. – 7.	12,1	13,8	11,3	11,8	9,1	8,6	13,4
Gj.sn. gr.storleik 8. – 10.	4,7	5	6,3	10,7	7,2	9,6	14,3
Netto driftsutgifter per innbyggjar til:							
Grunnskuleundervisning	10.753	10.777	10.985	9.659	13.075	11.260	8.832
Skulelokalar og skyss	2.527	2.629	3.551	2.776	3.457	3.286	1.739
Skulefritidsordning	525	279	198	150	296	284	195
Grunnskuleoppl. for vaksne	26	132	290	262	322	-31	146

Barnehagen	Bokn	Bokn	Bokn	Bokn	Bokn	Små kom.	Roga land
	2004	2005	2006	2007	2008	2008	2008
Netto driftsutgifter til barnehagen per innbyggjar	1140	1281	1308	1135	1243	--	--
Andel barn 1-2 år i komm.l barnehage i forhold til innbyggjarar 1-2 år	46,2	42,9	47,1	45,0	85,0	78,0	72,2
Andel barn 3-5 år i komm.l barnehage i forhold til innbyggjarar 3-5 år	96,3	87,5	85,7	85,0	97,2	95,3	95,5

Statsbudsjettet for 2010

Ei ny veketime på barnesteget, og 8 veketimar leksehjelp til småskulen frå 01.08.2010..

Kulturskulane skal styrkast.

Vidareføring av rentekompensasjonsordninga for vedlikehald av skular og symjebasseng.

Teneste 2010 Barnehage

Stillingsramme

Barnehagen har 60 plassar.

Etter forskrift for pedagogisk bemanning skal en barnehage av denne storleiken ha 4 førskulelærarar i tillegg til styrar. Totalt med fagarbeidarar og assistentar blir det etter lovverket ei stillingsramme på ca 13 årsverk.

Det er budsjettert med 11 årsverk for 2010 mot 10,5 for 2009. Brutto lønsutgifter er auka med ca 350.000, mens netto driftsutgifter er om lag uendra. Eventuell svikt i inntektene kan fort endre dette.

Det kan i løpet av året bli naudsynt å utvide ut over 11 årsverk, det avheng av barnetal, aldersfordeling og korleis barnegruppene fungerer.

Øyremerka statlege tilskott

Ordninga med øyremerka statlege driftstilskott blir vidareført også i 2010. Det ser ut til at 2010 kan bli siste året med denne finansieringsforma og at barnehagen frå og med 2011 blir finansiert gjennom rammetilskottet til kommunane.

Full barnehagedekning.

Kommunen hadde full barnehagedekning i 2009 og vil kanskje kunne ha det i 2010 også, dersom ikkje det ikkje blir fleire av dei yngste søkjarane. Ser ein på KOSTRA-tala har Bokn no fått høg prosentvis bruk av barnehagen også blant dei yngste.

Behov for meir plass i avdelinga for dei yngste

Avdelinga for dei yngste treng meir plass. Dersom vidare bruk av barnehagebygget blir kortvarig, bør ein prøve å klare seg med det arealet ein har no. Men dersom barnehagen skal halde fram i eksisterande lokale enno nokre år, bør det byggast til ca 50 m2 mot nord for å gjere det romslegare for dei yngste, og for å sikre full barnehagedekning framover. Antatt kostnad 1,4 mill.

Foreldrebetaling.

Det er ikkje aktuelt å foreslå takstendring.

Frukost i barnehagen og kjøkkenassistent

SU/foreldre har bedt om at det blir vurdert å servere frukost i barnehagen i staden for at borna spis frukost heime. Det er også fremma ønske om oppretting av eigen deltidsstilling på kjøkkenet.

Ei deltidsstilling på kjøkkenet 2-4 timar kvar dag vil vere ei ekstra kostnad som kommunen må dekke, anslagsvis 200.000 per år. Frå barnehagefagleg hald blir det hevda at matstellet bør vere noko barna er delvis med på, saman med dei tilsette. Det kan vere ulikt syn på dette, men kjøkkenhjelp er kanskje meir aktuelt i større barnehagar. Rådmannen vil ikkje tilrå oppretting av slik stilling no.

Frukost i barnehagen vil føre til auke i kostpengene. Rådmannen er positiv dersom det er eit behov, og det kan organiserast utan å auke bemanninga. Men rådmannen finn ikkje å kunne tilrå innføring av frukost i barnehagen utan at det føreligg eit gjennomarbeida framlegg frå barnehagen, der alle sider ved ei slik ordning er utgreid.

Leikeapparat

Det er behov for forskjellig av leikeapparat, og det er bra om det kan kome litt nytt kvart år. Barnehagen ønskjer 30.000 i 2010 som i 2009.

IKT i barnehagen.

Barnehagen er i startfasen når det gjeld bruk av IKT. Utbygging og opplæring skjer i samråd med IKT-ansvarleg for skulen, og skulen og barnehagen har ein felles IKT-plan. Det er i denne omgang snakk om 2 informasjonsskjermer i garderobane, og 2 berbare maskinar. Rådmannen reknar med at innføringstakten ikkje er høgare enn at barnehagen klarer dette innanfor gjeldande driftsbudsjett.

Teneste 2010 og 2020 m.fl.: Kompetanseutvikling i barnehage og skule m.v.

Plan for kompetanseutvikling

Det er laga ein felles kompetanseutviklingsplan for heile seksjonen, med plass til registreringar for alle tilsette. Det tar tid å utarbeide alle detaljar, og slik planen er laga vil den først vere komplett når neste runde med medarbeidersamtalar er gjennomført. Det er deretter tenkt at den skal reviderast og ajourførast fortløpande.

Kompetanseutvikling / middel til kurs har samla for skule og barnehage vore på ca 65.000. Spesielle statlege løyvingar kjem i tillegg. I 2009 var statens øyremerka bidrag ca 40.000 for skulen og 12.000 for barnehagen.

I budsjettet for 2010 er det lagt inn 50.000 og 7.000 til etter- og vidareutdanning i skule og barnehage, med tillegg av eventuelle statlege tilskott.

Mangel på utdanna førskulelærarar.

Ei ny undersøking viser at det er stor mangel på tilgang på utdanna førskulelærarar i Rogaland, og at situasjonen kanskje ikkje blir tilfredsstillande før i 2026.

Bokn barnehage manglar utdanna førskulelærarar, slik at situasjonen i fylket vil prege Bokn barnehage i mange år dersom ein ikkje finn fram til rekrutteringstiltak som fungerer.

Det er tidlegare fremma forslag om økonomisk stønad til eigne tilsette som vil ta førskulelærarutdanning. Forslaget er tatt med her med ei kostnadsramme på 50.000 per førskulelærar. Utdanningsstøtten er tenkt gitt siste utdanningsåret og bare når det er snakk om tilsetjing på dispensasjon i ledig førskulelærarstilling.

Korleis sikre nok tilgang på kvalifiserte lærarar?

Det har ikkje vore tilfredsstillande respons ved utlysing av stillingar i skulen dei siste åra, og det bekymrar.

Skulen har alltid ei viss utskifting av yngre lærarar. I tillegg vil fleire lærarar passere 62 år i løpet av dei neste 4 åra. Det er svært viktig for skulen at det ved kvar utskifting er

mogleg å tilsette godt utdanna lærarar, og at det er mogleg å supplere med fagkompetanse som skulen treng.

Vidareutdanning for lærarar etter avtalen mellom KS, staten og lærarorganisasjonane

Dersom kommunen skal kunne oppfylle avtalen mellom KS, staten og lærarorganisasjonane om ei 40-40-20 fordeling av utgiftene til vidareutdanning for lærar, må det settast av 200-250.000 årleg for kvar lærar som tek prioritert vidareutdanning tilsvarande 60 studiepoeng.

Det er behov for meir kompetanse i fleire fag, matematikk og naturfag er prioritert og bør vere sett opp med 200.000 og 100.000.

Etterutdanning for fagpersonalet i skulen

Kompetanseutviklingsplanen for 2009, og gjeldande lokal arbeidstidsavtale for lærarane, lister prioriterte utviklingsområde som elevvurdering, tidleg oppdaging av lærevanskar, IKT-kompetanse når det gjeld undervisningsretta bruk, dei utrygge barna, leseopplæringa, organisasjonskunnskap og lagbygging, rekneopplæringa og læringsstrategiar. I tillegg er det kome til innføring i NOU'en om rett til læring. Kostnad til saman 185.000.

Når det gjeld etterutdanning er det dels behov for fornying og oppfølging for den enkelte på sine fagområde, dels krav og behov som gjeld oppgradering av nye tilsette i emne resten av personalet har hatt tidlegare, og dels oppgradering av heile personalet i nytt stoff. Døme på det siste er den nye forskriftsparagrafen om "Vurdering til læring" Der reiser heile fagpersonalet samla på dagskurs i haust, og ein er i forhandlingar med HSH om å tinge ei kursrekke frå HSH til Bokn våren 2010.

Etterutdanning for personalet i barnehagen

Kompetanseutviklingsplanen for 2009 har med utviklingsområda språkutvikling, friluftsliv, sosial kompetanse, IKT i barnehagen, natur og miljøteknikk, førstehjelp, og gruppebasert barnehage. Samla kostnad 55.000.

Personaltur / fagtur

Personalet i seksjonen har dei siste åra hatt følgjande fagturar:

2000	Danmark.	Deltakarar: 21	Hovudfagmål: Skule
2002	Skottland (Edinburgh)	Deltakarar: 25	Hovudfagmål: Skule
2007	Italia (Toscana)	Deltakarar: 32	Hovudfagmål: Kultur. Skule. B.hage
2010	?		

Dersom det blir fagtur i 2010, vil vi i snitt ha ein frekvens på 1 fagtur kvart 3 til 4 år.

Desse turane har stor verdi for arbeidsmiljøet, sosialt og fagleg. Dei har vore finansiert ved hjelp av ein kombinasjon av eigenandel, bidrag frå fagforeiningane, og kompetansemiddel frå kommune og/eller stat, avhengig av kva faginnhald turen har hatt. Arbeidsgjevar bør stille med ca 4.000 per deltakar. Med ca 30 deltakarar blir det ein kostnad på 120.000.

Det bør ikkje gå meir enn ca 3 år mellom kvar fagtur, skal verdien av turane ha god og langsiktig effekt. Nabokommunen har til dømes fagtur kvart tredje år for sitt skulepersonale.

Teneste 2020 Grunnskule

Gjeldande stillingsramme (Teneste 2020, 2150, 2130, 2110)

Skulen har ikkje eit eintydig vedtak om årsverk, men har kvart år dei siste 12 åra tilpassa det samla talet på årsverk til budsjetttramma. Denne tilpassinga skjer normalt i august ved starten av eit nytt skuleår.

Dette gjeld summen av stillingane til elevassistentar og fagpersonalet i skulen (teneste 2020), stillingane i SFO (teneste 2150), stillingane i vaksenopplæringa (teneste 2130), og stillingane for styrkingstiltak for born i førskulealder (teneste 2110).

I perioden 2006 - 2008 var desse stillingane på 18,3 - 18,5 årsverk. For 2009 var det budsjettert med 19 årsverk. Auken skuldast i hovudsak utviding av timetalet i småskulen med 5 veketimar.

Etter 2 lovendingar frå 01.08.2009, har skulen gjennom kommunestyrevedtak fått 15% stilling til meir fysisk aktivitet på barnesteget, og 40% stilling til styrking av begynnaropplæringa i lesing og rekning.

Summen av dette blir ei stillingsramme frå 01.08.2009 på ca 19,5 årsverk.

I tillegg kjem stillingane som er refundert av andre kommunar, staten eller Utdanningsforbundet, og som ikkje vil vere "synlege" i eit nettobudsjett. Desse stillingane har variert mellom 5 og 5,6 årsverk dei siste åra. Ved starten av skuleåret 2009/2010 utgjør dei 6 årsverk. Skuleåret 2009/10 har med andre ord ei ramme på $19,5 + 6,0 = 25,5$ årsverk innanfor dei nemnde tenestekområda.

Behov for utviding av gjeldande stillingsramme

Rammene for planprosessen framfor skuleåret 2009/10 var som nemnt 19,5 årsverk pluss 6 refunderte årsverk. Det viste seg problematisk å få til gode løysingar innanfor desse rammene. Det skuldast fleire tilhøve der dei viktigaste 2 er:

a) Elevtalsauke:

I perioden frå 2002 til 2009 har elevtalet auka rykkvis frå ca 115 til 128. Elevtalet er no så høgt at skulen ikkje lenger kan slå saman klassar i fag i same omfang som før. Mens det i 2005 var samanslåing av klassar i 38 veketimar, med innsparing av meste 2 årsverk, og i 2006 – 2008 ca 15 veketimar, er det i 2009 bare samanslåing i ca 7 veketimar. I tillegg er første klasse så stor at den er styrka med ein assistent i dei fleste timane. (Opplæringslova hadde før krav om 2 pedagogar når 6-åringane rundar 18 stykker.)

b) Auke i talet på vedtak om spesialundervisning:

Talet på einskildvedtak om spesialundervisning har i perioden 2004 – 2007 vore ca 10, men er auka til ca 15 i 2008-09 og 13 i 2010. Nokre av dei nye vedtaka er ressurskrevjande å gjennomføre. (Vedtak med refunderte tiltak er ikkje medrekna.)

Det ser ut til at ein har valet mellom å auke talet på stillingar noko (1/2 til 1 årsverk) eit par år, eller måtte akseptere løysingar på eit eller fleire felt som ikkje er tilfredsstillande og kanskje kan bli brot på lov og planverk.

Seniortiltak:

Undervisningspersonalet har etter hovudtariffavtalen reduksjon i undervisningsplikta når dei passerer 55 år, og ytterlegare reduksjon når dei passerer 60 år. Dei nærmaste åra er det 5-6 lærarar som har denne ordninga. Reduksjonen utgjer til saman 0,4 årsverk skuleåret 2009/10

Utskifting av lærebøker

"Kunnskapsløftet" med ny læreplan og nye lærebøker blei innført i klassane i perioden 2006 – 2008 i samsvar med stortingsvedtaket. Rådmannen la inn kr 150.000 ekstra per år til nye lærebøker i 2007, 2008 og 2009. For 2010 er det ikkje lagt inn noko ekstra, men rektor gjer merksam på at det framleis er nye læreverk for 50-60.000 som står til rest.

IKT-plan for skulen og barnehagen for perioden 2010 - 2012

IKT-planen for skulen for 2006-2008 blei vedteke av kommunestyret 13.12.2005. Det blei ikkje laga ny plan for 2009, men det blei gjennomført ei undersøking av "effekten" av investeringane og opplæringa av personalet. IKT-planen for skulen og barnehagen for 2010 - 2012 byggjer mellom anna på resultatet av denne undersøkinga. Planen har ei investeringsramme for dei 3 første åra på i overkant av 600.000 men foreslår at ein i staden brukar leasing eller ein kombinasjon av leasing og kjøp, med ei årleg utgift som vist i tabellen. Sjå elles den felles IKT-planen for kommunen.

ÅrlegeKostnader *)	2010	2011	2012	
Leasing Elevpc 15stk per år	30 450	60 900	91 350	
Leasing Lærarpc 25 nye per 3. år	50 825	50 825	50 825	
InnkjøpTynneKlientar 40stk	163 320			
Headsett 80stk-15stk-15stk	8 400	1 575	1 575	
Ekstern harddisk 25 stk	13 625			
Totalt per år	266 620	113 300	143 750	

*) Utgifter til innføring av skuleadministrativt program kjem i tillegg.

For 2009 hadde skulen 50.000 ekstra til IKT-drift, i påvente av eit vedtak om vidareføring av IKT-planen. Dei er tatt ut i 2010. I følgje IKT-ansvarleg for skulen bør dei 50.000 inn fast i budsjettet då han treng dei til den ordinære IKT-drifta. Auka kompetanse og aktivitet, og dei investeringane som er og blir gjort, krev meir middel til å driva for. Sjå til dømes neste avsnitt om lisensar.

IKT som læremiddel

Det begynner å merkast at skulen brukar ein del programvare som det skal betalast lisens for. Skulen reknar dette som læremiddel, på line med bøker.

Lisensar	Merknad	Årleg beløp
Mikrodaisy: Inspiration	Tankekart	1.200
Its Learning, leige lagringsplass		4.500
Its learning årleg leige		7.200
Mikroverkstedet Skoleavtalen 2		3.700
MS office 58 maskinar		17.200
Lingdys/ Lingright jf avtale med Tysvær kommune		4.100
GM Unik,	kartlegger drillpro online ressurser	3.500
Skoleveven boknskule.no	Epost og heimeside	2.900
Sum		44.300

Logopedavtale

Bokn har ikkje fast avtale med logoped. Det er mangel på logopedar i distriktet og svært vanskeleg å skaffe hjelp til ferske skuleelevar som har behov for logopedassistanse. Det same gjeld for så vidt også for vaksne som har opplevd å få redusert taleevna og treng faghjelp. For tida har seksjonen kjennskap til 3-4 med behov for logopedhjelp.

Tysvær kommune har logoped i halv stilling. Dette er vesentleg mindre enn behovet i kommunen, og dei har ønske om å få utvide til ca 1,5 stillingar. Bokn kommune har tilbod om å få kjøpe seg inn med ein part tilsvarande folketalsfordelinga mellom dei to kommunane.

(Tysvær 9712 innb., Bokn 811 innb. eller 7,71% av det samla folketalet) Bokns part ville bli maksimum 60 - 70.000, litt avhengig av korleis avtalen blir utforma og kor stor kapasitet ein ønskjer..

Utstyr og ordna lagerplass i gymnastikksalen,

Utstyrlagerplassen i gymnastikksalen (ved kjøkkenet) var dårleg organisert og vanskeleg å halde i orden. Ein del av utstyret var dessutan meir enn modent for fornying. Rådmannen foreslo i sitt budsjettframlegg for 2008 eit beløp på rundt 90.000 til dette føremålet. Kommunestyret fann rom til 30.000 i 2008 og i 2009. Rådmannen har lagt inn dei siste 30.000 i 2010.

Feide

Kunnskapsdepartementet har fastsett at alle skular i Noreg skal ha tilbod om Feide - Felles Elektronisk Identitet - innan utgangen av 2010. Det er ingen spesielle kostnader med Feide så langt vi kjenner til i dag.

Det er etterlyst informasjon om kva Feide er. Eit kort og enkelt svar er at Feide gir elevar og lærarar eitt brukarnamn og eitt passord dei kan bruke overalt i skulesamanheng. Ja, etterkvart vil dei faktisk vere utestengt frå sentrale brukarområde dersom dei ikkje har tatt i bruk Feide. (Feide dreier seg om å utnytte informasjonsflyten i eit system og mellom fleire system. Mindre redundans (dobbelregistrering av data, duplikater), innføring av eit autorativt system med kildedata (f.eks informasjon om den enkelte lærar og elev) plassert bare ein plass, som øvrige system forholder seg til ved pålogging. Feide blir eit alternativ til at man har persondata lagret mange plasser og med ulike pålogginger for hvert system. Feide har selvfølgelig også andre fordeler – ved å gi tilgang til digitale læringsressurser. For meir informasjon viser vi til " www.encode.no ".

Administrasjonssystem for skule

Ein føresetnad for å kunne bruke, og dra nytte av Feide (Eit unikt passord og brukarnamn til kvar elev og kvar lærar) er at kommunen brukar standardiserte IKT-løysingar og ikkje heimesnekra. Her har Bokn skule eit "hol" sidan me ikkje har tatt i bruk eit skuleadministrativt program. Det blir vurdert som uaktuelt, ja fysisk umogleg, å ta i bruk Feide før me har eit skuleadministrativt system på plass som kan administrere klasselister, elevopplysningar, karakterar, fråver, resultat frå nasjonale prøver, timeplan, vikarteneste, einskildvedtak, behovsvurderingar, ulike rapportar, m.m. For å innføre eit skuleadministrativt system som til dømes SATS trengs det eit eingongsbeløp på 100.000, og eit årleg driftsbeløp på ca 30.000.

Prosjekt: "Filmtalenter - Haugesundsregionen"

Bokn kommune ved Petra og Bokn skule (ungdomssteget) er etter oppfordring frå rådmannen med på prosjektet "Filmtalenter - Haugesundsregionen". Andre deltakarar er kommunane Haugesund, Utsira, Vindafjord og Tysvær ved ein fritidsklubb og ein ungdomsskule, i tillegg til fylkeskommunen, 2 vidaregåande skular og diverse fagmiljø. Prosjektet har ei budsjetttramme på ca 1 mill. og har fått 800.000 frå kommunaldepartementet. Vi kjenner ikkje detaljane i det økonomiske opplegget for prosjektet, men reknar med at det vil bli utgifter for kommunen, anslagsvis 30.000 for Petra og skulen. Skulen har i tillegg behov for 2 digitale videokamera til 15.000 for kvart, uavhengig av dette prosjektet. Med dette filmprosjektet blir behovet aksentuert.

Elevane som er med vil danne ein elevbedrift og jobbe via Petra og ungdomsskulen med å produsere filminnslag på oppdrag. Prosjektet stiller med opplæring i form av kurs for vaksne og ungdommar.

Nytt i statsbudsjettet for 2010: Auka timetal og leksehjelp

Statsbudsjettet har framlegg om å innføre 8 timar gratis leksehjelp fordelt til 1. - 4. klasse, og å utvide veketimetallet på barnesteget med 1 time. Desse endringane må sjåast i samanheng med midtskyssordninga og SFO, og det blir justering av inndelinga av skuleveka. Kostnadene veit ein først når det er fastsett korleis det skal organiserast. I tillegg kjem tapte inntekter i SFO sidan elevane ikkje betaler for SFO-tida med leksehjelp. Rådmannen vil kome attende til kommunestyret med eiga sak når det føreligg framlegg til organisering. Betalingssatsane i SFO for vårhalvåret 2010 blir uendra.

Skulebygget

Mangel på store klasserom på barnesteget har ført til at formingsrom er disponert til klasserom frå 2009.

Barnehagen skal sannsynlegvis flytte i nybygg saman med fleirbrukshallen, og skulen ta i bruk barnehagebygget. Det kan kanskje ta 2-3 år før barnehagen flyttar og frigjer bygget til skulebruk. I tillegg må ein rekne tid til ombygging.

Det blir med andre ord nokre år med vanskelege romtilhøve for formingsfaget og dei største klassane på barnesteget.

Ombygginga etter at barnehagen har flytta er berekna til ca 3 mill. Dersom barnehagen ikkje blir flytta er det behov for ombygging og utbygging på skulen for 4-7 mill.

Ein ny fagrappport viser at brannseksjoneringa ikkje er tilfredsstillande i skulebygget. Seksjon teknisk arbeider med å få laga eit framlegg til kva som må gjerast for at brannseksjoneringa skal vere tilfredsstillande.

I kommunestyresak 8/2009 blei det vedteke brukt 387.500 til utskifting av vindauge i skulebygget. Det nedsette arbeidsutvalet for skulebygget vil vurdere kva vidare rehabiliteringsarbeid dei vil tilrå for skulebygget.

Teneste 2110 Styrkingstiltak for born i førskulealder

Stillingstalet var 1,3 årsverk vårhalvåret 2008 og 0,6 årsverk ved skulestart hausten 2009. Det er budsjettert med 0,6 årsverk i 2010.

Teneste 2130 Vaksenopplæring

Det er rekna med uendra stillingstal 0,4 årsverk i vårhalvåret 2010. Det er varsla endra behov for fleire brukarar, og budsjetteringa er usikker.

Dette gjeld lovpålagte undervisningsoppgåver etter Opplæringslova § 4A-1 "Rett til grunnskuleopplæring for vaksne" og § 4A-2 "Rett til spesialundervisning på grunnskulen sitt område". Aktiviteten ligg på null når det gjeld §4A-1 og kanskje på eit minimum i høve til rettar for vaksne etter §4A-2.

Før det blir gjort einskilvedtak for hausthalvåret, vil det bli gjort ei revurdering av omfang og innhald. I budsjettet er det lagt inn redusert aktivitet i hausthalvåret.

Teneste 2150 Skulefritidsordninga (SFO)

Stillingane i SFO er auka til 1,2 årsverk for å halde bemanningsnorma på slutten av dagen 3 vekedagar. Dette kan bli endra når gratis leksehjelp skal starte i august 2010.

Betalingsssatsane blei auka i 2008. I ei landsomfattande undersøking av foreldrebetalinga i SFO nyleg, blei Bokn plassert i den "øvre" halvdel. Det blir ikkje gjort framlegg om endring av foreldrebetalinga i SFO i 2010, sjølv om kommunens andel av utgiftene er større en kommunen pliktar å bidra.

Det kan bli aktuelt å gjere framlegg om avgrensing av tilbodet frå hausten av. Til dømes krav om eit minimumstal deltakarar. No går tilbodet uansett kor få som er med, noko som sjølv sagt har den føremon at tilbodet er påliteleg for foreldra. Men eit så godt tilbod har ei kostnadsside.

Teneste 2210 og 2220 Reinhold i barnehagebygget og skulebygget

Det er budsjettert med 2,8 årsverk og 0,1 årsverk ekstra hjelp, som i 2009.

Teneste 2221 Skuleskyss

Det er budsjettert med 360.000 litt mindre enn i 2009. Bokn kommune blir i dag avkrevd betaling for midtskyss, noko det etter rådmannens vurdering ikkje er grunnlag for etter lovverket.

Teneste 2310 Aktivitetstilbod barn og unge

Personalansvaret for ungdomsarbeidaren blei i starten av 2009 flytta tilbake til seksjon kultur, skule og barnevern.

Det rapporterast at aktiviteten i Petra er bra, men at dei treng ein del nytt og ein del fornying. For å sitere: "Petra billiardbord der ene beinet er knekt, eitt airhockey som ikkje virker og eitt flipperspill som gjer at straumen går. Det er eitt fotballspill også, men det er heldigvis helt i orden. Elles har Petra mange Brettspill og liknande som med jevne mellomrom er i bruk. Fjernsynet treng eit veggfeste. Klubben har også et høyt ønske om å fornye møblementet. De nåværende sofaer, bord og stoler, er ting som snille mennesker har donert til klubben. Det er vi selvfølgelig kjempeglade for, men det er på tide å bytte ting ut."

Petra ber eigentleg om eit større bidrag frå kommunen, til dømes 40.000.

Teneste 2311 Kyrkjebygd kulturhus

Rådmannen ser behovet for eit brannvarslingsanlegg.

Rehabiliteringsarbeidet går framover, men tek tid sidan ein prøver å få til dugnad på ein del av arbeidet.

Teneste 3350 Parkar, plassar og torg

Leikeplassar

Det er planlagt ny kontroll av alle leikeapparat i 2010. Leikeplassane er etter kvart i brukbar stand. Leikeplassane i Fyrvegen og ved Kyrkjebygd kulturhus er under planlegging for rehabilitering innanfor løyving gjort i 2009. Arbeidet med ein plan for leikeplassane i kommunen er forseinka.

Rådmannen ser behovet for vidareføring av eit beløp til kontroll og vedlikehald av leikeplassar og nærmiljøanlegg også i 2010.

Ballbingen i Havnavegen

Ballbingen blei sett opp før det kom klare reglar med krav til plassering, avstand til bolighus og støy. I dag ville ein ikkje ha plassert ein ballbinge så tett opp til bolighus. Kommunen har fått klage med krav om at noko blir gjort. Det kjem eiga sak om moglege løysingar.

Flomlys på fotballbanen og ballbingen

Flomlyset på fotballbanen styres frå ein kontrollboks på lysstolpen framfor klubbhuset. Det er tanken å kople lyset på ballbingen til same kontrollboksen. Flomlyset på fotballbanen fungerer ikkje og det er sannsynlegvis behov for utskifting av armatur og ledning i lysmasten. Seksjon teknisk arbeider med å få fram eit pristilbod på kva som skal til for å få tilfredsstillande lys på fotballbane og ballbinge.

Nærmiljøtiltak som står til rest i planen for skuleområdet

Blant ungdomsskuleelavane var det skateområde og sandvolleyballbane som sto høgt på ønskelista over tilbud i friminutta. I tillegg er det hinderløype og klatrevegg for ungdomssteget og litt til som står att av planane for nærmiljøanlegget i Føresvik.

Gjerdet rundt banen

Tregjerdet rundt banen er modent for utskifting. Eit gjerde av same standard som gjerdet rundt barnehagen kostar 600 kr/m, og det er snakk om 250m, mao 75.000.

Prosjektet "Kjekt på Bokn - Ta naturen i bruk"

"Utsiktspunkt Boknafjell"

Rådmannen viser til sak i formannskapet 29.09.2009 der det blir orientert om val av prosjekt på toppen av Boknafjellet. Det gjenstår noko arbeid før prosjektet kan realiserast, men basert på arbeidet så langt i prosessen, og med dei atterhald som forelegg per i dag (utredning kultur/fornminne og avgrensingar i relasjon til dette, forhandlingar om endelig utforming og pris, kvalitetssikring av materialer og kostnader osv.) kan følgjande seiast om finansieringa:

Per 21.09.09 estimerast kostnadene på anlegget til å ligge på ca. 600.000 eks.mva. Det føreligg per same dato 850.000 i øyremerka midlar til dette prosjektet. Sjå spesifikasjon:

Aktør	Bevilga	Forventa oppstart jfr. bevilling midler	Sum
RUP	2008 og 2009	Innan 2 år	175.000
Bokn kommune	2008 og 2009		175.000
SR- bank (lokalt, regional og sentralt)	2009	Innan 1 år	500.000

Ein har per i dag ikkje hatt utgifter til prosjektet "Utsiktspunkt Boknafjell".

Teneste 3700 Bibliotek

Biblioteket som skulebibliotek

I skuletida har biblioteket ope måndag, tysdag og torsdag frå 0900 til 1130/1330. Dette er etter rådmannens vurdering ikkje tilfredsstillande etter Opplæringslova §9-2 og Forskriftene til Opplæringslova §21-1.

Ein del lærarar har fått brukaropplæring slik at dei kan bruke biblioteket også når det er stengt, men tilgangen til skulebiblioteket er likevel ikkje god nok. Opningstida må aukast skal ein halde intensjonen i lova.

Biblioteket som offentleg bibliotek

Biblioteket har eit utlån i 2008 på 14,9 per innbyggjar. Det er nest høgast i landet. Utlånet er 33,8 bøker per barn og 7,3 bøker per vaksen. Til samanlikning har Kvitsøy 3,4 bøker per barn, Sauda 8,6, Vindafjord 10 og Tysvær 11,5. Samanliknar ein årsverka til dei same kommunane, har Vindafjord 0,28 årsverk per 1000 innbyggjar, Tysvær 0,46, Sauda 0,49, Kvitsøy 0,69 og Bokn 0,75.

Det er ønskjeleg med auka bemanning for å kunne halde meir oppe for publikum. Fylkesbiblioteksjefen rår i eit notat dagsett 16.09.09 Bokn kommune til å auke til eitt årsverk. Som ein ser av tala er ressursane til det offentlege biblioteket i Bokn gode samanlikna med ein del nabokommunar. Det er ikkje her hovudproblemet ligg. Det er skulebibliotekdelen som ikkje har tilfredsstillande opningstid.

Bøker og anna til utlån

Bokn har brukt 90 kr per innbyggjar til innkjøp til utlån. Til samanlikning har Vindafjord brukt 33, Tysvær 33, Sauda 51 og Kvitsøy 136. Det kan synest som at Bokn brukar forholdsmessig likt med desse nabokommunane når ein skjønnsmessig tek med at små kommunar må bruke litt meir per innbyggjar. Tek ein derimot omsyn til det store utlånet i Bokn kunne nok innkjøpsramma vore auka.

Teneste 3730 Kino

Det er sett 15.000 til betaling til idrettslaget for bistand på kinokveldane, likt med 2009. Det er no kino kvar 14. dag. Nytt kinolerret og god lyd vil etterkvart gjere filmopplevinga betre. Diverre har ein ikkje vore heldig med utforminga av stolene i auditoriet, ein sit ikkje godt i dei gjennom ein heil film.

Teneste 3750 Museum

Netto budsjett i 2008 var på 45.000. Dette blei ved revideringa av budsjettet i 2009 redusert til 5.000 til fordel for Bygdablad og kino. Det er uheldig at kommunen ikkje har ei fast ordning med guide når museet har besøk. Det har både med service overfor besøkande og tryggleik for samlinga å gjere.

Teneste 3770 Kunstformidling

Netto budsjett i 2009 var på 38.000 og er det same i 2010. Beløpet omfatta Miro-ensemblet (tidlegare fylkesmusikarane) og tilskott til arrangement.

Teneste 3830 Musikk og kulturskule

Ny organisering og auka aktivitet

Netto budsjett i 2009 var på 354.000 inklusiv ekstra 50.000 for hausten 2009. For 2010 er det budsjettert med 404.000 pluss ei utgiftsauke på 3,1%, til saman 417.000.

Skuleåret 2009/10 fungerer ein av lærarane ved skulen som leiar av kulturskulen. At kulturskuleleiinga ligg samlokalisert med skuleleiinga blir opplevd som ein driftsmessig fordel, og er ei styrking av leiingsfunksjonen, noko det er behov for når aktivitetsnivået

skal aukast. Rådmannen ser på det som ei framtidretta løysing at leiar av kulturskulen har tilhald på skulen.

I budsjettet for 2009 hadde kultursjefen 30% av stillinga lagt til kulturskulen, til administrasjon og undervisning. Skuleåret 2009/10 har han 15% stilling i musikkskulen til undervisning. Den nye kulturskuleleiaren er tilsett i 100% stilling for skuleåret, med 34% i kulturskulen til administrasjon og undervisning, og 66% i skulen. Elles har kulturskulen lærar (piano) i 25% stilling. Dette gir skuleåret 2009/10 til saman 74% stilling i kulturskulen, med ønske om utviding med ca 25% stilling frå januar 2010. Kulturskuleleiar har varsla at ho treng fleire hender i 2010 dersom ho skal kunne oppfylle dei forventningane boknarane har til tilbodet. Det er sett av 50.000 til utgifter til kurs, innleige av lærar etc.

Betalingssatsar

Det er gjort framlegg om ca 3% auke i betalingssatsane. Det er tatt bort frå prislista nokre betalingssatsar som ikkje er aktuelle.

Det er vanskeleg å gjere framlegg om betalingssatsar for helgekurs etc. Eit dansekurs med innleigd instruktør over to helgar hausten har 200 kr som kursavgift. Men tilboda er forskjellige og rådmannen rår til at det blir gitt ein fullmakt når det gjeld kortare kurs.

Rådmannen har framlegg om ca 3% auke i brukarbetalinga.

Teneste 3850 Andre kulturaktivitetar

Netto budsjett i 2009 var på 460.000 (eks. Bygdabladet) mens det for 2010 er budsjettert med 521.000. Kultursjefstillinga ligg her, med auke til 45% stilling mot 30% i 2009. Endringa er mellombels og skuldast omorganiseringa i kulturskulen inneverande skuleår. 88.000 til MOT- og SLT-koordinator.


Det er budsjettert med kontingent til Friluftsrådet Vest (tidlegare Nord-Rogaland og Sunnhordland friluftsråd) med kr 9.000, og kursstønad og kulturmidlar for lag og organisasjonar med kr 150.000 som i 2008.

Bygdabladet for Bokn.

Netto budsjett i 2009 var på 184.000 mens det for 2010 er budsjettert med 193.000. Det er då rekna at papirutgåva kan ha eit snitt på 24 sider, slik det er bedt om politisk, og redaktør og journalist med 40% stilling. Det er ønske om 0,1 årsverk til teknisk hjelp med klargjering for trykking.

Det blir ikkje gjort framlegg om endring i abonnementsprisane for 2010.

Rammeområde 3 – Seksjon helse, sosial og barnevern



Diagrammet for brutto driftsutgifter viser korleis kostnadene vert fordelt på dei ulike tenestane.

Teneste 2310 Aktivitetstilbod barn og unge

Denne tenesta omfattar tilbod om sommarjobb for årsklassane 15, 16 og 17 år. Tilbodet blir gitt for maksimum 2 veker i kommunale og private jobbar. I det private området deler kommunen og arbeidsgjevaren utgiftene med 50% kvar. Tilbodet hadde i 2009 ei netto utgift på rundt kr. 79.193,-. Netto utgift for 2009 ligg på same nivå som året før. Brutto utgift ligg imidlertid kr. 22.112,- lågare enn året før. Dette skuldast at det var nokre ungdommar som trekte seg etter at dei hadde fått tilbod, då dei hadde fått seg sommarjobb andre stader. Opprinneleg var det 18 ungdommar som fekk tilbod om sommarjobb, mens 2 av dei trekte seg.

Nokre ungdommar ordnar seg sjølv med sommarjobb, men for dei som ikkje har det, verkar det som at tilbodet er svært positivt. Både dei unge og foreldre har gitt uttrykk for dette. 1 veke er i minste laget, men økonomien set grenser. Fleire får sommarjobb seinare i bedrifta etter gode erfaringar.

I 2010 er det lagt inn brutto kr. 130.000 til sommarjobbar. Inntekta er berekna til kr. 47.100,-. Dette betyr at me kan tilby sommarjobbar til dei unge på omtrent same nivå som i 2008 og 2009.

Teneste 2320 Førebuing – skule og helsestasjonstenesta

Tenesta inneheld tradisjonell skule- og helsestasjonsteneste, med helseundersøking og vaksinasjon av barn og unge, rettleiing og helseopplýsning for familiar med særlege behov, og deltaking i tverrfagleg gruppe.

Kommunen har avtale med fleire samarbeidskommunar om drift av helsestasjon for ungdom i Haugesund.

Jordmorteneste og svangerskapskontroll inngår i denne tenesta. Dette tilbodet har vore godt nytta av innbyggjarar i produktiv fase. I tillegg vil det bli meir vanleg at jordmor blir nytta til oppgåver for generell kvinnehelse og prevensjon, t.d. cytologisk prøvetaking og seksualrådgiving. Jordmor og helsesøster har tett samarbeid, også når det gjeld rådgjeving i skulen.

Helsestasjonen har i 2009 fortsatt det gode samarbeidet med legen. 10% av lønskostnadene til legen er lagt inn under dette tenesteområdet.

Helsesyster starta hausten 2009 på helsesyster-vidareutdanning. Ho blei i konkurranse med mange søkjarar tatt opp på vidareutdanninga ved Universitetet i Stavanger. Dette er kommunen svært nøgd med. Utdanninga er lagt opp som eit deltidsstudie over 2 år, kor det er lagt opp til vekessamlingar i Stavanger. Dette har medført at helsestasjonen har vore stengt medan helsesyster er på vidareutdanning. Noko som og vil vere tilfelle i 2010. Det er imidlertid lagt inn ekstra opne dagar på helsestasjonen dei vekene helsesyster ikkje er på vidareutdanning, noko som kommunen håpar vil medføre at tenestetilbodet ikkje skal bli nevneverdig forringa. Utfordringa vil derimot bli større når helsesyster skal ut i praksisperiode, hausten 2010.

Vidareutdanninga vil medføre auka utgifter for tenesteområdet under utdanningsperioden. Desse auka utgiftene er ikkje tatt med i budsjettforslaget for 2010. Årsaka til dette er at ein held på med å utarbeida eit nytt permisjonsreglement i kommunen, og at utgifter knytt til vidareutdanningar må sjåast i samanheng med dette reglementet.

Teneste 2330 Førebyggjande arbeid, helse og sosial

Dette omfattar tenestene skjenkekontroll, førebyggjande rusmiddelvern og tilskot til interkommunale ordningar som krisesenteret.

Kommunestyret har vedtatt at skjenkekontrollane skal utførast av vaktfirmaet Securitas. Kontroll av ølsal og alkoholskjenking skal foregå minst 3 gonger årleg. Netto kostnad på tenesta er sett til kr. 65.300,- årleg. Då er løn til administrering av tenesta inkludert.

Tenesteområdet omfattar også miljøretta helsevern, bedriftshelseteneste og anna førebyggjande arbeid overfor heile befolkninga etter kommunehelselova, til dømes smittevern. I 2009 har smittevern vore eit svært aktuelt tema med tanke på "svineinfluensa". Kommunelegen har i løpet av 2009 utarbeidd ny pandemiplan, som er ein delplan til smittevernplan. Smittevernplan og helseberedskapsplan er og under revisjon, og skal tilpassas kvarandre. Dette arbeidet vil bli slutført i løpet av 2009. 20% av lønskostnadene til legen er lagt inn under dette tenesteområdet, i høve det ansvaret og oppgåvene som ligg til kommunelegefunksjonen.

Utgiftene til eit interkommunalt samarbeid på området miljøretta helsevern ligg i denne tenesta, med ei utgift på kr. 14.000,- for 2010.

30 % av løna til seksjonssjef er lagt til denne tenesta, fordi ein del av tidsbruken i denne stillinga er knytt til planarbeid, samordning og tilrettelegging av tenestene. Dette er arbeid som bør gi helseførebyggjande gevinst.

Etter opptrappinga av ungdomsarbeidarstillinga til 75% stillingsstorleik, gjennom psykiatrimidlane, vart denne stillinga flytta frå seksjon kultur, skule og barnehage til seksjon helse, sosial og barnevern. Ungdomsarbeidarstillinga er flytta attende til seksjon kultur, skule og barnehage, då ansvarsområde som må sjåast i nær samanheng med ungdomsarbeidarstillinga og ligg til seksjon kultur, skule og barnehage (som for eksempel aktivitetar på Kyrkjebygd)

Teneste 2340 Aktivisering eldre og funksjonshemma

Denne tenesta omfattar bu og aktivitetstilbodet for dei yngre funksjonshemma i kommunen. I tillegg inngår drifta av dagsenteret for eldre, som er eit høgt verdsett tiltak.

Det er to brukarar som har butilbod ved eininga, to brukarar som har dagtilbod og to brukarar som har avlastningstilbod ved eininga. For ein av brukarane kjøper kommunen ein dagtilbodsplass i Haugesund.

Dagsenteret for eldre er eit populært tilbod blant kommunens eldre befolkning. Dette tiltaket som fremmar aktivitet og sosialisering, er eit viktig førebyggjande tiltak for denne aldersgruppa.

Leiar for bu og aktivitet har ansvar for oppfølging av individuelle planar og ansvarsgrupper for brukarane som har samansette tenester. Denne funksjonen må i framtida sjå i lys av det arbeidet som blir gjort i høve korleis kommunen skal ivareta kravet om at alle kommunar skal ha ein koodinerande enhet for habilitering og rehabilitering.

Me har to funksjonshemma brukarar som får eit dagtilbod i kommunen, og ein brukar som har dagtilbod i Haugesund.

Avlasting og støttekontakt er også ein del av denne tenesta. Ordninga omfattar mellom 10 og 15 personar, og fleire av desse er svært omsorgskrevjande. Målsetjinga er at dei som sjølv ikkje maktar det, skal få hjelp til å bryta sosial isolasjon og få tilbod om aktivitetar. I tillegg treng pårørande avlasting. I 2009 har det vore ein auke i avlastningstilbodet ein har ivaretatt på sjølve eininga. Denne auken kan ikkje berre sjåast som eit avlastningstilbod, men og som eit opplærings- og eigenmestringstiltak med tanke på førebuing til å bu i eigen bustad. I 2009 har ein ivaretatt dette auka behovet gjennom eksisterande bemanning. Dette har ført til at tilbodet til ny brukar ikkje har kunna bli nytta fullt ut etter hensikten, samstundes med at det har gått noko ut over tilbodet til dei brukarane som var der frå før. Utan å auka budsjetttrammene for teneste 2340 vil ein i 2010 auka bemanninga enkelte avlastningshelger. Dette har ein rom til, då utgiftene er noko redusert ved at ein har auka avlastningstilbodet i eiga eining i staden for å nytta seg av private avlastarar

Det er heller ikkje i budsjettet for 2010 funne rom for sosialiseringstilbod for bebuarane i omsorgsbustadene, som gjekk tapt under tidlegare innsparingsrundar. Eit slikt tilbod må ein sjå i ein heilheitsvurdering i helse- og omsorgsplan.

Teneste 2410 Diagnose, behandling og rehabilitering

Denne tenesta inneber utgifter til drift av legekontor, legevakt, legevaktsentral (avtale med AMK/Helse Fonna) og fysioterapi.

50% av løna til legen er lagt inn under dette tenesteområdet, og omhandlar den kurative virksomheten som er knytt opp til fastlegeheimelen til Bokn. Resten av løna er lagt til Helsestasjon (10%), Sjukestova (20%) og førebyggjande arbeid, helse og sosial (20%).

Oppgraderinga av drifta og lokala til legekantoret, som blei foreteken i 2008 har ført til at drifta ved legekantoret går svært godt. I oktober 2009 hadde legekantoret vel 460 listepasientar, medan kapasiteten er på 600.

Ved oppstart av legekantoret våren 2008, og for 2009 blei det budsjettert med 50 % stillingsandel for sjukepleiar ved kantoret. Utgangspunktet var då eit pasientgrunnlag ved oppstart på tett under 300 pasientar. Legekantoret har åpent 2,5 dag i gjennomsnitt pr. veke, men det er og ein god del oppgåver som ein må ta utanom åpningstid. Desse oppgåvene har auka i omfang i takt med auken på pasientar. Etter som drifta ved legekantoret har hatt ein sterk auke, har ein i budsjettet for 2010 lagt inn ein auke på 10 % stillingsandel for sjukepleiar ved legekantoret. Dei auka driftskostnadane som stillingsauken medfører blir finansiert gjennom auka inntekter innanfor teneste 2410, og krever difor ikkje nokon auke av rammen.

Avtalen som ein inngjekk i 2008 med Helse-Fonna om drifting av legevaktsentral gjennom AMK, ligg og under teneste 2410. Denne avtalen medfører ein netto kostnad på kr. 37.500,- for 2010.

Me har fortsatt legevaktsamarbeid Tysvær og Sveio kommune. Dei årlege kostnadene for denne samarbeidsavtalen ligg under også under teneste 2410.

Fysioterapeuten har 60 % driftstilskot. Det inneber at han i gjennomsnitt er her 3 dagar i veka. Denne tenesta fungerer som før. Det er stor pågang frå befolkninga etter fysioterapi det meste av året. Utfordringa i tida som kommer i høve fysioterapiteneste, er korleis ein skal dekkja det aukande behovet for fysioterapiteneste til bl.a. bebuarane på Sjukestova, og då spesielt bebuarar på korttids/rehabiliteringsopphald.

Rehabiliteringsarbeidet skal gi tilbod til personar med nedsett funksjonsevne, som har habiliterings- eller rehabiliteringspotensiale. Dette arbeidet i kommunen skjer gjennom mange av tenestene. Legen har sin del gjennom henvisningar og utredning. Det kommunale hjelpemiddellageret ligg ved sjukestova, og det er personalet her som bistår brukarane med søknader om hjelpemiddel frå hjelpemiddelsentralen. Vi manglar utredningskompetanse for ergoterapi og ADL-hjelpemidler, men har skolert tilsette for behov i forhold til hørsel, syn og bevegelse. Det er no eit krav til alle kommunar om at ein skal ha ein koordinerande enhet for habilitering og rehabilitering. Gjennom arbeidet med å oppretta ein slik enhet i Bokn kommune håpar med koordineringa av tenestene for dei personane som har behov for fleire tenester blir betre ivarettatt.

Bokn kommune deltar i eit interkommunal samarbeid om voldtektsmottak.

Teneste 2420 Sosial rådgjeving og rettleiing.

Tenesta omfattar kurativ sosial omsorg og sosial rådgjeving når det gjeld å fremja sosial og økonomisk tryggleik, betra levevilkåra for vanskelegstilte og førebyggja sosiale problem. Denne gruppa treng rådgjeving og praktisk rettleiing og bistand til å søkja om arbeid, trygd eller utdanning.

Teneste 2420 er får og med hausten 2009 eit tenesteområde som no ligg under NAV-Bokn sitt ansvar. NAV-Bokn blei offisielt åpna 1. sept. 2009. Både i forkant og i etterkant av åpninga er det gjort ein god jobb i å integrera dei statlege og dei kommunale tenestene på området med ein felles dør.

Budsjettet som omhandlar dei kommunale oppgåvenen innanfor NAV sitt ansvarsområdet, går framleis over det kommunale budsjettet. Budsjettet for 2010 er ein vidareføring av budsjettet for 2009.

Teneste 2440 Barneverntenesta

Tenesta inneheld rettleiing, undersøking og oppfylgjing av barn og familiar. Generelt førebyggjande arbeid ligg og i tenesta.

I budsjettet for 2009 blei det budsjettert med ein stillingsandel på 30 % innanfor denne tenesta. Denne stillingsandelen har for heile 2009 vore ubesatt.

Hausten 2008 blei det starta opp ein prosess med målsetjing om å få til ein interkommunal barnvernteneste som ivaretar dei lovpålagte oppgåvene innanfor barnevern, for alle dei såkalla BAS-kommunane (Bokn, Tysvær, Vindafjord, Sveio, Etne og Utsira). I påvente av at dette arbeidet blei slutført, og på bakgrunn av vakansen innanfor barneverntenesta i Bokn kommune, inngjekk Bokn ein avtale med Tysvær kommune om kjøp av saksbehandlingstenester etter lov om barneverntjenester. Avtalen blei iverksatt i månadsskiftet mai/juni 2009. Avtalen gjeld fram til ein evt. interkommunal barnevernteneste er ein realitet. Pr. dags dato er det stor usikkerhet om kva tid og i det heile om ein slik teneste vil sjå dagens ljus.

I tida fram til avtalen med Tysvær blei iverksatt, har dei lovpålagte oppgåvene etter lov om barneverntenester blir ivaretatt av seksjonssjefen.

For 2010 har ein i budsjettet lagt inn ein vidareføring av avtalen med Tysvær, som inneber at dei to kommunane deler utgiftene på ein 100 % stilling med ein halvpart kvar. Auken i stillingsandel med 20 % som dette inneber for Bokn er finansiert med at ein får ein tilsvarande reduksjon i kostnadene som blei sett av til kjøp av tenester frå BAS.

For at Tysvær kommune skal kunna ivareta saksbehandling etter lov om barneverntenester på ein god og forsvarleg måte og for Bokn sin befolkning, så må det opprettas ein eigen "Bokn-modul" i Tysvær kommune sitt fagdataprogram innan barnevern. Dette kostar kr. 10.000,- pr år, og blir lagt inn som eit nytt tiltak i 2010-budsjettet.

Teneste 2510 Barneverntiltak i familien

Tenesta gjeld hjelp til barn og unge med særskilt behov for støtte. Hovudvekten av dei tiltak som barneverntenesten sett i verk, som definerast som "hjelpetiltak" etter lov om barneverntenester, ligg under teneste 2510. Dette er hjelpetiltak som er av forebyggjande og støttande karakter, som skal gje barn, unge og deira familiar hjelp i heimen, slik at dei klarar dei utfordringane som kvardagen gjev.

I 2009 har ein sett ein liten auke i utgiftene til desse hjelpetiltaka. Noko som med stor sannsynlegheit vil forsetja i 2010. Omfanget av desse tiltaka er svært vanskeleg å seian noko om på det noverande tidspunkt.

Teneste 2520 Barneverntiltak utafør familien

Dette gjeld barn som har tiltak/omsorg utanfor familien. Det er for tida ingen barn frå vår kommune der det har vore omsorgsovertaking, og midlane på budsjettet i denne tenesta vil på ingen måte strekka til om det skulle bli behov i denne tenesta.

Teneste 2530 Pleie, omsorg og hjelp i institusjon

Tenesta gir pleie og omsorg for menneske som treng dette heile døgnet på sjukeheimen, som er ein del av drifta på sjukestova.

Etter at ein i løpet av store deler av 2007 og 2008 hadde ein beleggsprosent på over 100 % av dei 11 plassane ein har på Sjukestova, så har det for 2009 vore ein meir normalisert drift, kor ein i gjennomsnitt har hatt belegg på 10 av plassane. Imidlertid har ein hatt større press på korttidsopphold. Opphold som har ein rehabiliterande karakter.

Sjølv om belegget har vore lågare i 2009 enn i dei to foregåande åra, så har ein ikkje klart å ta igjen etterslepet når det gjeld å revidera og forbetra diverse rutine- og prosedyrearbeid. Det har og vore store utfordringar i å organisera, samordna og koordinera innsatsane på ein god nok måte. Dette håpar ein at det blir ein betring på for 2010 når ein får tilsett einingsleiar på Sjukestova. Det vil være store utfordringar i framtida i den kommunale helsesektoren, ikkje minst grunna samhandlingsreformen. Noko som vil krevje ein stor omstilling og utvikling og for Sjukestova.

For 2010 vil ein starta opp ein omstillings- og utviklingsprosess, slik at me skal stå best mogleg rusta for å ivareta dei store utfordringane som ligg i framtida. Dette vil me gjere gjennom 4 klåre satsingsområde; utvikla ein god og hensiktsmessig organisasjonsstruktur, som framhevar myndiggjering, initiativ og ansvar for kvar enkelt medarbeidar, bygga ein organisasjonskultur med ein klår visjon og med eit klårt definert verdigrunnlag i botn, utvikla kompetansen samla og for kvar enkelt, satsa på IKT.

Auka profesjonalisering og kvalitet er ein fellesnemnar for dei 4 satsingsområdene som tidlegare er nemnt. I 2009 har ein starta opp arbeidet med å revidera internkontrollprogram ved Sjukestova. Dette arbeidet syner at me har behov for eit godt hygienekontrollprogram. Me har vore i kontakt med Helse-Fonna, og har fått tilbod om å kjøpa og delta i deira hygienekontrollprogram. Det er difor lagt inn forslag i budsjettet for 2010 om å innkjøp og deltaking i dette programmet. Årleg driftsutgift vil vere kr. 25.000,-

Ny einingsleiar på Sjukestova vi forhåpentlegvis vere klar ved inngangen av 2010. Når det gjeld kontor plass for einingsleiar, og samstundes leggja tilhøva til rette for ein auka profesjonalisering av drifta, så må ein sjå på lokala kor det i dag er pauserom og vaktrom. Det mest naturlege vil vere å omgjere pauserommet til kontor, og vaktrommet til kombinert vaktrom og pauserom. Det er ikkje funnen rom i budsjettet for kostnadar til nytt kontor einingsleiar og endring av vaktrom/pauserom. Ein må difor sjå korleis ein kan utnytta innbu som ein allereie har.

I 2009 er den budsjetterte summen for aktivitets- og trivselstiltak for bebuarane på Sjukestova kr. 10.000,-. I budsjettet for 2010 er denne summen foreslått auka med kr. 20.000,- til kr. 30.000,-. Med dette ønskjar me å kunna byrja arbeidet med å tilby bebuarane

eit utvida omsorgstilbod, som inkluderar eit mykje større fokus på miljø, aktivitet og opplevelse. Årsaken til at forslaget til auke ikkje er større, er at denne type tiltak må sjåast i samanheng med Helse- og omsorgplan. Allikevel blir det foreslått ein liten auke, for å kunna setje i verk noko fleire aktivitets- og trivselstiltak, og som eit grunnlag for vidare dimensjonering av desse tiltaka.

Teneste 2540 Pleie, omsorg og hjelp i heimen

Pleie og omsorgstenester for hjelpetrengjande menneske med sjukdom eller funksjonshemming som bur heime. Omfattar heimesjukepleie, psykiatrisk sjukepleie, heimehjelp, matombringning, tryggleiksalarmar, formidling av hjelpemidlar. Brukarane har tilgang på heimesjukepleie alle dagar, heile døgnet. Pågangen etter desse tenestene har stadig auka, og funksjonen har fleire tunge og krevjande brukarar.

Gjennom oppføring av dei nye omsorgsbustadene har kommunen lagt eit godt grunnlag for hensiktsmessig framtidig drift og samordning av tilbod for mange forskjellige brukargrupper. Kommunen har tidlegare, etter det vi kan vurdere, lukkast med å gi brukarane tryggleik for at dei får hjelp når behovet er der. Følgen av dette er at vi har godt samarbeid med potensielle pasientar og deira pårørande om vurdering av riktig omsorgsinnsats, og opplever ikkje at brukarane søkjer om tenester før behova er reelle. Sjølv om behovet for hjelp i denne tenesta kjem til å auka i åra som kjem, får vi tru vi har eit godt fundament på plass.

Behovet for psykiatrisk sjukepleieteneste har stadig auka dei siste åra. Det er eit tidkrevjande arbeid å følgje opp denne pasientgruppa, både ovafor den enkelte og i samarbeid med andre instansar internt og eksternt.

Etter kommunen si vurdering fungerer brukarrådet godt, og kjem med gode bidrag til det psykiske helsevernet i kommunen.

Teneste 2540 omfattar og omsorgsløn for avlønning av personar som har ein god del pleie av pårørande som bur heime. Dette er kombinert med hjelp frå kommunen. Dette er i samsvar med vedtatt plan for tiltak for funksjonshemma.

Teneste 2650 Kommunalt disponerte bustader

Tenesta omfattar Husbanken sine støtteordningar med utbetringstilskot, etableringslån m.v. Frå 2003 vart ordninga med startlån innført. Det erstatta kjøps- og etableringslån, og er ei låneordning for husstandar med etableringsproblem. Det er kommunane som administrerer startlånet.

Teneste 2810 Økonomisk sosialhjelp

Tenesta omfattar bistand til personar med økonomiske problem. (bidrag og lån).

Det er vanskeleg å budsjettera økonomisk sosialhjelp, då det uventa kan koma nye søkjarar med rett på stønad. Dei siste åra har ein hatt nærare 10 personar som årleg har fått økonomisk sosialhjelp. Nokre over kort tid, andre lengre.

Søkjarar har ofte problemområde i tillegg til at dei kan vera utan arbeid. Det kan vera psykiatri/rusmisbruk, gjeldsproblematikk og andre ting. Det er såleis samansette og arbeidsintensive oppgåver som legg beslag på betydeleg meir tid enn det som var tilfelle tidlegare. Sosialkontoret må samarbeida med ei rekke andre partnerar som t.d. arbeidsmarknadsetat, trygdekontor, kommunale og fylkeskommunale tenester innan psykiatri og rusvern og helsevesen elles. Føremålet med arbeidet er alltid å få personane inn i inntektsgjevande arbeid, eventuelt varige trygdeordningar dersom dei ikkje er arbeidsdyktige. Økonomisk sosialhjelp skal vera ei midlertidig ordning. Difor må det også arbeidast aktivt med søkjarane for å finna andre varige løysingar. Med opprettinga av NAV-Bokn hausten 2009 har ein i Bokn kommune ytterlegare styrka eit arbeid som allereie blei utført på ein god måte. Med at ein no har ordningar og ytingar innan arbeid, trygd og sosial samla under eitt, vil gje ein merkbar positiv effekt for kvar einskild som trong dette.

Teneste 2850 Ambulansetransport

Området gjeld sjuketransport, med bakgrunn i avtale med Haugesund sjukehus. Tenesta vert utført med ambulanse stasjonert i Bokn, og bemanna med kommunalt tilsett sjåfør og sjukepleiar. Kommunen mottar eit indeksregulert tilskot frå Helse Fonna.

Talet på utrykningar pr.månad varierar ein del. Type utrykningar har og endra seg noko etter at Bokn vart landfast, og fekk ein sterkt trafikkert hovedvei gjennom kommunen. Ein del av oppdraga gjeld passasjerar med ferja.

Ambulansen har dei siste åra vore nytta i nabokommunen i større utstrekning enn før.

Samarbeidet med sjukehuset er godt, og har auka opp det siste året. Det synest no klart at det i april 2010 ikkje vil bli gitt vidare dispensasjon for gjeldande kvalitets- og kompetanskrav for ambulanspersonell. Dette betyr at Bokn-ambulansen med den noverande bemanninga ikkje vil tilfredstilla krava som blir sett til ambulansar. Dette vil innebære at ein ikkje kan kalla "sjuke bilen" for ambulanse, og heller ikkje uniformera den som ein.


Det er mykje usikkerhet kring kva akuttmedisinsk beredskap Bokn kommune skal, vil, kan ha etter april 2010. Det arbeides med å utgreia forskjellige alternativ både i høve, organisering, bemanning, fagleg nivå, ansvarstilhøve og økonomi. Inntil desse utgreiingane er ferdige og eit godt beslutningsgrunnlag ligg klårt, vil ein oppretthalda nivået på ambulansen som tidlegare. Imidlertid viser dei siste års erfaring at me ikkje har vore gode nok på å oppretthalde kompetansen hjå dei som bemannar ambulansen. Ein legg difor i budsjettet for 2010 inn forslag om auke av kompetanse gjennom øvingar og kurs med kr. 50.000,-

For teneste 2850 vil 2010 bli eit spanande år, kor mykje vil bli avgjort i første halvleik av året. Kva akuttmedisinsk beredskap Bokn kommune har etter april 2010 vil få ein eller annan budsjettmessig konsekvens. Dette må ein koma nærare attende til i løpet av året.

Rammeområde 6 – Seksjon teknisk

Seksjonen har 5 årsverk/stillingar samt 17 personar som er med i det frivillige brannkorpset.

Figuren under viser kva områder som seksjonen har ansvaret for og kor stor del av brutto utgiftene som vert brukt på dei ulike tenestene:



Teneste 1900, 1902 Vaktmestertenester og Fellesutgifter Boknatun.

Tenesta gjelder vaktmester og andre fellesutgifter for alle seksjonane med unntak av skule og barnehage.

Arbeidsmål for tenesta:
energiøkonomisering
førebyggjande vedlikehald og brannvern
vedlikehald av grøntanlegg

Det er ikkje driftsmessige problem med bygningsmasse eller anlegg.
ENØK-tiltak er ikkje gjennomført. Tildelte midlar på kr. 60.000 til isolering av loftsetasjen tilrår rådmannen vert ført over til 2010 budsjettet.
Kommunen deltar i et felles prosjekt med nabokommunen om utarbeiding av en klima-og energiplan. Rådmannen legg til grunn at nye enøk tiltak vert vurdert på grunnlag av denne planen. Forslag til tiltak er neppe kjent før hausten 2010.
Rådmannen minner elles om problemstillinga knytt til lekkasje på innvendige vass og avlaupsrør.
Tidlegare lekkasjer kan tyde på at rørsystemet er svakt og ein må difor vere budd på ekstra utgifter til vedlikehald

Teneste 2220 Bokn skolebygg

Tenesta omfattar ansvar for energi og inneklima samt vedlikehald av bygning.

Arbeidsmål for tenesta:

energiøkonomisering
førebyggjande vedlikehald og brannvern

Det er ikkje driftsmessige problem knytt til bygningsmasse eller anlegg.

Gjennom serviceavtalar har vi sikra vedlikehald av dei viktige tekniske anlegga; heis, ventilasjon og brannalarmanlegg.

ENØK-tiltak er heller ikkje gjennomført i skulebygget.

Rådmannen viser til det interkommunale prosjektet for utarbeiding av klima og energiplan.

Tiltak i skulebygget vert vurdert på grunnlag av anbefalingane i denne planen.

Rådmannen legg til grunn at eventuelle enøk tiltak vert budsjettert i 2011

Taktekking og fyrkjele på skulen har vore omtalt som moglege vedlikehaldsobjekt der ein kan få ekstra utgifter. Det ikkje teikn på at situasjonen har forverra seg, men ein bør vere førebudd på ekstra kostnader.

Rådmannen viser elles til tidlegare omtale av brannsikkerheita på skulen. Resultata frå konsulentutgreiinga som vart gjort i 2008 vart fyrst lagt fram hausten 2009. Rapporten konkluderer med at tiltaket som vert gjort i takkonstruksjonen for å avgrense brannsmitte ikkje vil fungera etter føremålet

Det blir elles påpeikt usikkerheit om også andre brannkonstruksjonar er tilfredstillande løyst. Konsulenten rår til at heile bygningen vert vurdert i forhold til brannsikkerheit. Utgiftene til fagleg bistand er usikre, men rådmannen rår til at det vert budsjettert med kr.50.000 til ein fullstendig brannsikringsrapport med forslag til tiltak og estimerte kostnader for gjennomføring.

I budsjetten for 2009 var det budsjettert kr.40.000 til utvendig maling av skulen. Av kapasitetsmessige grunner klarte ein ikkje å utføre oppdraget og arbeidet vil bli overført til 2010.

Teneste 2311 Kyrkjebyggd aktivitetshus

Tenesta omfattar ansvar for energi og vedlikehald av det gamle skulebygget på Bokneberg.

Bygget er i bruk til fritidsaktivitetar. Det er ingen plan om energisparingstiltak for bygget, men ein vil halde fram med å gjere brukarane ansvarlege når det gjeld bruk av varme og lys.

Lokala er under planlegging med tanke på rehabilitering av 1 etasje. Varmepumper vil da bli vurdert som alternativ energikjelde. Dette prosjektet er budsjettert.

Utvendig gjenstår noko malingsarbeid.

Teneste 2650 Kommunalt disponerte bustader

Tenesta omfattar utleige og vedlikehald av kommunale bustader.

Arbeidsmål for tenesta:

førebyggjande og verdibevarande vedlikehalds- og rehabiliteringsansvar for bygga Sikring mot brann.

Kommunen har 21 leilegheiter. 15 omsorgsbustader, 4 ungdomsbustader og ein ordinær bustad med 2 leilegheiter.

Kommunen sine bustader skal no vere i god stand og treng ikkje ekstraordinært vedlikehald i 2010

Husleiga vert justert i samsvar med konsumpris indeks.

Teneste 3000 - 3030 Fysisk tilrettelegging og planlegging. Byggesaksbehandling og oppmåling.

Arbeidsmål for tenesta:

- arbeide med vedtatte planoppgåver etter kommuneplanen.

utarbeide planer for offentleg behov og kommunen sin eigen aktivitet.

Revisjon av kommuneplan

Halde fristar for byggesaksbehandling og sakshandsame korrekt iht. lover og forskrifter,

rask gjennomføring av kart -og delingsforretningar og et ajourført kartverk.

Ny stilling:

Den nye stillinga som planleggjar vart ikkje budsjettert i 2009. Lønnsutgifter er no lagt inn i budsjettet med kr. 500.000,- + administrative kostnader

Opplæring:

Seksjonen skal forvalte lover og forskrifter i forhold til enkeltsaker og vedtatte planar. Sidan lover og forskrifter er i stadig endring og fagmiljøet er lite, må vi i tillegg til fagleg oppdatering også ha eit tett samarbeid med andre kommuner for å kunne yte god service til kundar/innbyggjarar.

Ny plandel i Plan og bygningslova vert gjeldande f.o.m 1 juli 2009. Ny bygningsdel vert innført f.o.m. januar 2010. Seksjonen har difor særleg behov for å delta på kurs og rådmannen tilrår difor at det settes av kr.40.000,- til opplæring i lovverket.

Kommuneplan:

Arbeidet med revisjon av kommuneplanen vil bli ein tidkrevjande oppgåve. Kommuneplanen sine målsettingar omfattar gjennomføring av mange planoppgåver. For å oppnå god framdrift i prosjekta er det viktig å sørgje for god kompetanse og tilstrekkelig ressursar. Kommunen må sannsynlegvis bruke konsulent i tillegg til egne ressursar, og ein antar at det er behov for kr. 200.000,- til ulike planutgreiingar. Rådmannen har ikkje tatt dette inn i budsjettet, men vil vurdere dette etter kvart som planarbeidet utviklar seg.

Gebyr;

Gebyra for kart og oppmålingstenester skal finansiera dei utgiftene kommunen har til slike oppgåver, dvs. sjølvkost. Sidan det er Tysvær som utfører kart og oppmålingsforretningane vert kostnaden Tysvær sin gebyrsats + våre egne administrasjonskostnader som omfattar saksbehandling, registrering i eigedomsbase, tinglysning og fakturering. Rådmannen tilrår at satsane for oppmålingsgebyr vert justert i samsvar med Tysvær sine oppmålingsgebyr.

Rådmannen rår til at gebyrsatsane for sakshandsaming aukast med 5%

I strategisk IKT plan for kommunen har ein eit mål om å ta i bruk nyttig programvare som kan gi innbyggerane betre tenester og effektivisere arbeidet. For teknisk er fylgjande program aktuelle:

Planarkiv:

I ny planlov er kommunane pålagt å etablere digitalt planarkiv.. Programprisen er kr. 20.000,- og årlege vedlikehaldskostnader er kr. 10.000, VA-program

Pr. dag har kommunen kun papirarkiv over offentleg leidningsnett. Systemet er utgått på dato...

Kommunen har no eigen kompetanse til å digitalisere vass -og avlaupsleidningar.

Til dette treng eige program og prisen er kr. 24.000 pluss årlege driftskostnader på kr. 3500,-

KOMTEK:

Med seksjonen sine små ressursar er det viktig at tilsette kan arbeide mest mogleg rasjonelt.

KOMTEK er eit program som gjer det mogleg å sikra at alle kommunale avgifter er kopla rett til eigedomane i tillegg til et digitalt arkiv over alle kummer, vass og avlaupsleidningar.

Sjølv om det pr. september 2009 er uklart kor Bokn kommune skal kjøpe feieteneste neste år, krev både Tysvær og Karmøy at kommunen må ha KOMTEK systemet av omsyn til feiearkiv.

Programkostnaden for KOM tek og matrikkel er kr. 120.000,- og årlig driftskostnad er kr. 36.000,-

Datalinjer:

Bokn samarbeider med Tysvær om matrikkelføring. For at dette samarbeidet skal fungere effektivt trengs ny datalinje. Kostnadene med dette er pr. dags dato ukjent, men rådmannen vil rå til at datalinja vert oppgradert.

Stipulert kostnad kr. 20.000-

Interkommunalt samarbeid:

Krava til kommunen som byggjesakshandsamar og tilsynsaktør er skjerpa i ny bygningslov. Rådmannen rår til at kommunen innleier drøftingar med nabokommunar med tanke på etablering av felles sakshandsamingskontor og plankontor.

Teneste 3150 Bustadbygging og fysiske bumiljøtiltak

Tenesta omfattar utbyggingsområder, tomtosal og kostnader knytta til bustadformål og fysiske bumiljøtiltak.

Pr. sept 09 er det 6 ledige kommunale tomter tilsaman på Øyrenfeltet og på feltet i Føresvik. Rådmannen er kjent med at privat utbyggar planlegg bustadfelt i Alvestadkroken for 10-15 bustader. I tillegg er det også andre private som har tomter for sal.

Av ulike årsaker er arbeidet med planane for bustadfeltet ved Fyrvegen ikkje sett i gang pr. sept. 2009. Reguleringa vil difor i hovudsak skje i 2010

Rådmannen rår til at det settes av ramme på kr. 200.000 til fagleg bistand med utarbeiding av reguleringsplan og tekniske planar inkludert anbudsdokument. Tiltaket er investering i eit bustadfelt prosjekt.

Teneste 3200 Kommunal næringsverksemd

Tenesta omfattar drift av kommunale jordbruksareal og skog. Kommunen eig nokre små skog- og jordbruksparseller, men det er ingen næringsdrift. Vi har ikkje konkrete arbeidsmål i forhold til næring.

Teneste 3250 Tilrettelegging og bistand til næringslivet

Tenesta skal omfatte utbyggingsområder for næringsverksemd, og utleigelokale for næringsverksemd.

Det er for tida ingen konkrete arbeidsmål for denne tenesta, men i prosjektet "Kjekt på Bokn" vert det arbeid med strategiar og tiltak for at Bokn skal vera attraktiv for næringsdrift.

Teneste 3300 Samferdselsbedrifter og transporttiltak

I Bokn har vi berre kaier som kjem under tenesta.

Arbeidsmål for kaier:

Sikre gamle kaier og brygger som er kommunen sitt ansvar.

Avklare drifts-og eigarforhold.

Sikre inntekt frå kommunale kaier.

Karmsund interkommunale havnevesen har driftsansvaret for kaien i Føresvik og krev inn havneavgift. Kommunen har driftsansvar for den gamle ferjekaien på Tåganes, kai i fiskerihavna i Knarholmen og kai på Hognaland. Innanfor moloane i Føresvik og Alvestadkroken finnes mindre kaier/areal som er "offentlege", men det er uklart kva rettar kommunen har. Kommunen har ikkje inntekt frå sine kaier.

I 2010 vil ein arbeide vidare med å klarleggje eigedomsrettar og framtidige vedlikehaldsoppgåver.

På Tåganes kai står framleis restane etter det gamle ferjeleiet. Anlegget utgjer eit sikkerheitsproblem og bør fjernast. Stipulert kostnad er kr. 50.000,-. Utgiftene vil bli dekkja av eige fond for vedlikehald av Tåganes.

Kaien på Torvberget i Våga er no definert som offentlig kai. Her trengs diverse reparasjonar og sikring.

Rådmannen rår til at det vert budsjettert med kr. 20.000 til formålet.

Teneste 3330 - 3340 Kommunale vegar / miljø- og trafikksikringstiltak

Arbeidsmål for kommunale vegar:

Revidere handlingsplanen for tiltak på kommunale vegar

Utføre tenesta i samsvar med vedtatt serviceerklæring

Utarbeide plan for trafikksikring og søkje om TS midler.

Handlingsplaner.

Rådmannen rår til at handlingsplanen for driftstiltak på kommunale vegar leggjast til grunn for vidare tiltak. Det gjenstår framleis å gjennomføre tiltak etter denne planen. Legg ein til grunn at alle kommunale vegar skal ha fast dekke vil kostnadene vera ca. 1 mill.

Rådmannen rår til at kommunen set seg dette målet over ein 3 års periode og at det vert budsjettert med kr. 350.000,- årleg til ekstraordinære tiltak i tillegg til ordinært driftsbudsjett på kr. 100.000,-

Handlingsplanen for vedlikehald av kommunale vegar skulle ha vore revidert i 2009 og sjåast i samanheng med trafikksikkerheitsplanen, men av ulike årsaker har ein ikkje klart å prioritere arbeidet.. Planane om utviding av Føresvikvegen vil påverke løysingar for trafikksikringstiltak. Desse prosjekta bør difor vurderast i samanheng. Kommunen treng plankompetanse til denne utgreiinga. Rådmannen rår til at det vert budsjettert med kr. 150.000,- til konsulentbistand for regulering av Føresvikvegen.

Kommunen har ei målsetting om å byggja ut Føresvikvegen til 2 felts veg. Bokn har så langt fått tildelt 4mill frå "Haugalandspakken" til dette prosjektet. Grove berekningar viser at vegtiltaket vil koste 10-12 mill. Kommunen må difor rekna med å måtte bidra med eigekapital til fullfinansiering av prosjektet. Fyrst når reguleringsplanen for vegen er klar vil ein kunne berekna kostnaden meir nøyaktig.

Ordinært vedlikehald:

Kommunen kjøper tenestene snøbrøyting, kantklipp og vegskraping og anna vegvedlikehald. Kommunen sin serviceerklæring blir lagt til grunn for korleis tenestene skal utførast.

Til tider er det vanskeleg å skaffe ressursar til å få utført oppdrag og ein manglar også vegfagleg kompetanse til å løyse enkelte oppgåver på ein god måte.

Rådmannen rår difor til at det vert utarbeid ein bestilling med tanke på å innhente tilbod på eit samla årleg vedlikehald der oppgåvene er definert i forhold til mengde, kvalitet og kompetanse.

Dette vil og avlaste oppgåvene til vaktmeister som merker auka press på sine tenester. For å sikre at tilbodspapira skal vere et godt juridisk dokument tilrår rådmannen at ein nyttar noe veg og juridisk kompetanse til utforminga av dokumentet. Stipulert kostnad er kr. 20.000,-

Teneste 3350 Rekreasjon i tettstad

Tenesta omfattar drift og vedlikehald av offentlige plasser og torg, parker, leikeplassar, grøntanlegg samt turvegar i bebygde strøk. Ansvar for planlegging og budsjettering av leikeplasser og turvegar er lagt til kultur, men teknisk utfører arbeidsoppgåvene.

Arbeidsmål for tenesta:

Lage driftsplan for kommunen sine grøntanlegg, leikeplassar og turstier i samarbeid med kultur.

Vurdere private avtaler for oppgåver kommunen ikkje kan løyse med eigne ressursar.

Vedlikehald av grøntanlegg, leikeplassar og idrettsanlegg har vore ei aukande oppgåve i dei siste åra. Anlegga rundt bygg, i bustadfelt, leikeplassar og andre felles areal krev stell og ein treng ressursar og fagkunnskap. Vi disponerer små maskinressursar og anleggsgartnerkunnskapene strekkjer ikkje alltid til.

På same måte som vegnettet er med på å presentera kommunen vil også stell og standard på plasser og grøne lungar fortelja besøkande noko om haldningar og verdisyn. Som eit ledd i arbeidet med å presentera kommunen og gjera det trivleg i kvardagen for folk flest, bør arbeidet prioriterast.

Tiltak på leikeplassane vert utført i samsvar med plan og budsjett som vert utarbeid av kulturseksjonen. I samanheng med utvikling av nærmiljøanlegg og andre tiltak som det vert arbeid med i prosjektet "Kjekt på Bokn", bør ein ha tankar om årleg vedlikehald til beplantning og liknande. Samarbeid og/eller avtalar med private/organisasjonar bør vurderast.

1000-års-plassen og nærmiljøanlegget ved Boknasundet er ikkje ferdig. Potensialet som rekreasjonsstader i nærmiljøet er ikkje utnytta.

Vedlikehaldsoppgåvene på grøntanlegg er størst i sommarhalvåret når ressursane er minst ved seksjonen på grunn av ferieavvikling. Vedlikehald i denne perioden er difor avhengig av ferie avløysar. Interesse for desse jobbanene er vekslande. Kommunen er difor sårbar når det gjeld å få utført vedlikehald som klipping og anna parkmessig stell. Rådmannen rår difor til at det også for nokon av desse oppgåvene lagast ei bestilling med tanke på innhenting av tilbod frå private eller frivillige organisasjonar.

Turveg mellom Føresvik og Alvestadkroken er framleis under regulering. Planen vil kunne vere godkjent vinteren 2010. Rådmannen rår til at ein kommer tilbake til prosjektet i løpet av 2010 når ein har meir informasjon om behovet for vidare planlegging og grunninnløyising.

Arbeidet med opprusting av strandsonen innerst i Føresvik hamn er under planlegging. For å kunne fullføre det planlagte prosjektet antar rådmannen at ein treng ytterlegare kr.300.000,- i tillegg til beløpet som er avsett i 2009.

Ein vil då sitte igjen med et anlegg som gjer det mogleg å leggja til med småbåtar, ein bade plass blir tilrettelagt saman med benker og bord.

Teneste 3380 Førebygging av brann og ulykker

Tenesta omfattar feiarvesen og andre tiltak som skal førebygge brann eller eksplosjonsartede ulykker.

Arbeidsmål for tenesta:

Alle særskilte brannsynobjekter skal ha tilsyn i samsvar med gjeldande krav. Det skal utarbeidast handlingsplan for brannverntiltak.

Pr. sept. 2009 har kommunen i prinsippet gjort et vedtak om at Bokn skal inngå brannvernsamarbeid med Karmøy kommune f.o.m. 1 januar 2010

Avtalen er foreløpig ikkje bekrefta av Karmøy kommune. Avtalen gjer det mogeleg å få gjennomført uavhengig tilsyn i kommunen sine eigne særskilte brannobjekt i staden for å kjøpe tenesta særskilt.

Kostnaden er budsjettert til kr. 150.000,- og er foreslått som nytt tiltak.

Teneste 3390 Beredskap mot brannar og andre ulykker

Tenesta omfattar brannvesen, oljevernberedskap, og anna beredskap mot brann- og eksplosjonsrelaterte ulykker.

Arbeidsmål for tenesta:

Å arbeide for at brannvesenet er forberedt på å meistre de hendingane som kan skje i kommunen. Arbeide for at Bokn skal inngå i interkommunalt brannvesen.

Grunnopplæringa som det er pålagt at mannskapa skal ha, er foreløpig ikkje sett i gang. Rådmannen viser til avtaleforslaget mellom Bokn og Karmøy brannvesen.

Gjennom dette samarbeidet reknar rådmannen med at ein skal finna fram til nye og gode strategiar for kompetanseheving og øving av mannskap.

Rådmannen legg til grunn at det vert laga ein handlingsplan for opplæring som er tilpassa samarbeidet.

Kostnadene må byggja på denne planen og rådmannen ser for seg budsjettering til føremålet i 2011

Teneste 3400 Produksjon av vatn

Tenesta omfattar vanninntak, filtrering og rensing.

Arbeidsmål for tenesta:

Syte for at kapasiteten på råvatn er stor nok.

Syte for godkjent vassbehandling

Rådmannen viser til problemstillingene som ble omtalt i budsjettet for 2009.

Arbeidsgruppa som ble nedsett for å vurdere alternative utvidingar av vannverkskapasiteten har foreløpig ikkje kome fram til eit forslag. Ein har neppe ein anbefaling før vinteren 2010

Kommunen har knytt til seg fagkompetanse til denne utgreiinga

Rådmannen rår til at det vert budsjettert med kr.30.000,- til vidare utgreiing.

Vidare framdrift og kostnader i prosjektet er fyrst kjent når alternativet for utbygging er bestemt.

Ein må likevel rekna med utgifter til prosjektering på kr.100.000-150.000,-

Rådmannen vil fremja saka når alternativa ligg føre.

Teneste 3450 Distribusjon av vatn

Tenesta omfattar pumpestasjoner, trykkbasseng, leidningsnett samt gebyr for vassforsyning.

Arbeidsmål for tenesta:

Kvalitetskontroll.

Handlingsplan for framtidig utviding av vassverket.

Handlingsplan for utviding av kapasitet.

Gjennom tidlegare orientering for 2009 budsjettet gjorde ein kjent kva utfordringar ein står føre når det gjeld vassverket sin kapasitet. Prosessen med å finna løysingar er sett i gang men først vinteren 2010 vil ein kunne berekne kostnadene for alternativet som blir tilrådd. Rådmannen legg til grunn at prosjektet da blir lagt fram som eige sak med tanke på vidare framdrift og budsjett.

Dei fleste bygg på Bokn har nå vassforsyning fra offentlig eller private vassverk. Unntaket er Lodenområdet, Straumen, Dagsland, Økland, og Gunnarstad. For Jøsenområdet er det etablert privat vassverk med Jøsenvatn som kilde. Eigedommane på Grønnestad har privat vassverk kor Hagavatn er kjelde. Ognøy fekk kommunalt vatn dette året. Rådmannen er gjort kjent med at vassverket på Grønnestad til tider leverer vatn som ikkje har hygienisk kvalitet.

Gardsbruk med mjølkeproduksjon er knytt til dette private vassverket. Etter rådmannen sin vurdering bør kommunen bidra med å finne løysingar som kan sikre kvaliteten på vatn. I tillegg anbefalar rådmannen at det vert utarbeid ein hovudplan for vassforsyninga med tanke på å sikra heile kommunen med kommunalt vatn. Dette vil vera eit aktuelt investeringsprosjekt i åra framover og konsulentteneste til eit slikt oppdrag er stipulert til kr. 50.000,-.

Rådmannen rår til at programmet med utskifting av vasskummer fortsett og har lagt inn kr. 60.000,- til formålet.

Gebyra for vatn skal fastsetjast etter forskrift om sjølvkost. Både tilknytningsgebyr og årleg avgift skal dekka kommunen sine årlege driftsutgifter samt avskrivning og renteutgifter på investeringane. Kommunen sine gebyr dekker framleis ikkje utgiftene til vassforsyninga.

Sidan kommunen og står framfor store investeringar, tilrår rådmannen at årsavgifta for vatn aukast meir enn andre gebyr. Satsen er difor økt med 10%. Tilknytningsgebyret for vatn som er kr.20.000,- er ikkje foreslått endra.

Teneste 3500 Avløpsrensing/Slam

Tenesta gjeld renseanlegg og utløp, samt handtering av restprodukt (slam og vatn).

Kommunen har driftsansvar for 5 større slamavskillere. Slamtømming blir utført av privat firma. Avvatna slam blir lagt i deponi på Toraneset.

Det årlege gebyret skal dekke dei faktiske utgiftene kommunen har. Gebyret er foreslått sett opp med 5%

Slambehandlingsanlegget i Føresvik har vesentleg større belastning enn det er dimensjonert for, og nye bustader vert etter kvart knytta til. Tanken vart bygd i 1975 og dimensjonert for 100 pe. Pr. i dag er belastninga ca, 160 pe. Driftskostnaden til tøming er difor høg. Utsleppsleidningen er heller i tråd med gjeldande regelverk.

Det er behov for ei fagleg vurdering av anlegget. Stipulert kostnad til konsulent er kr.

40.000,-

Investeringskostnader til nytt slamanlegg inkludert utsleppsleidning vil vere ca. Kr.350.000,-

Teneste 3530 Avløpsnett / innsamling av avløpsvatn

Tenesta omfattar pumpestasjonar og leidningsnett.

Arbeidsmål for tenesta:

gjennomføring av avløpsplanen i Alvestadkroken når det gjelder private stikkledningar.

tilkopling av alle private stikkledningar som kan knyttes til off. kloakkledning.

Drifte pumpestasjonar i tråd med HMS-krav

Kommunen driftar 3 pumpestasjonar og det er ikkje behov for nye anlegg.

Problema med tilkopling av private kloakkledningar i Alvestadkroken er ikkje løyst.

Prosessen vert sett i gang på nytt i 2010.

Årsavgifta for kloakk skal også utreknast etter sjølvkost (lik vannavgifta). Berekningar viser at vi har større kostnader enn det vi tar inn i inntekter ved tilknytning og årsgebyr.

Rådmannen foreslår at avgifta vert auka med 5%.

Tilknytningsavgifta er også her høgare enn dei kommunane vi har samanlikna oss med, men i budsjettet foreslår rådmannen at avgifta vert uendra. Kommunen vil få auka driftsutgifter i åra som kjem som følgje av blant anna nytt anlegg i Føresvik

Teneste 3550 Innsamling av avfall

Tenesta omfattar innsamling og innhenting av avfall, samt avfallsgebyr.

Toraneset Miljøverk IKS har ansvaret for innsamling av avfall. I prinsippet er det selskapet som indirekte fastsetter årsavgifta gjennom sine berekningar av kostnadsfordelinga mellom kommunene. Bokn sin andel til Toraneset for 2008 var kr.691.000, - Andelen for 2009 er satt til kr.725.550,- (eks. mva) For 2010 er Bokn sin andel økt til kr. 985.000.

Inntekten til selskapet er berekna på at alle medlemskommunane skal ha same gebyr på kr. 2250,- Det betyr at Bokn må auke sitt gebyr med kr.395 på 2009 gebyret som er kr. 1855,-

Utgiftsauken begrunnast med strengare krav til behandlinga av avfallet,- mellom anna krav om forbrenning.

Teneste 3600 Naturforvaltning og friluftsliv

Arbeidsmål for 2009 var:

"Ny gjennomgang av miljø- og naturressurprogrammet
Fylgja opp måla i kystsoneplanen.
Arbeide med grunneigaravtaler for tilrettelegging av turstiar
Lage plan for tiltak for å sikre tilgang til friluftsområder.
Lage miljømål for vassdrag
Være pådrivar i arbeidet med å lage plan for fiske og jakt."

Tenesta omfattar koordinering av miljøvernarbeidet i kommunen, utarbeiding av miljø- og naturressursprogram, sikring og forvaltning av friluftsliv- og utmarksområder samt sikre tilgjenge for allmennheten (badeplassar, rasteplassar, småbåthavner, fortøynings- og bryggeplassar), samt fisk- og viltforvaltning.

Strandsona og sjøen er viktige friluftslivsområder for både innbyggjarar og turistar. Planar og tiltak for bruk og forvaltning av desse ressursane er viktige for Bokn si framtid. Strandsonesoneringsprosjektet som skal gjennomførast i samband med kommuneplanarbeidet vil vere et viktig verktøy for å sikre dei viktigaste friluftslivsområda. Natur- og miljøressursprogram vart vedtatt i 1995, men det manglar framleis handlingsplan for gjennomføring.

Kommunen manglar ein oppdatert viltkartlegging som del av registreringa av eit samla biologisk mangfald. I fleire saker blir kommunen konfrontert med at ein ikkje kan dokumentere omsyn til biologisk mangfald. Rådmannen tilrår difor at det settes av i budsjettet eit beløp på kr. 50.000,- til vidare biologisk mangfald registrering.


I kommuneplanen er det fastsett trasear for turstiar og markert viktige lokale friluftslivsområde. Frivillige grupper under "Kjekt på Bokn" prosjektet har fullført stiprosjekt og det vert arbeid med nye trasear

Fisk og viltforvaltning har små ressursar. Teknisk sjef er sekretær for den kommunale nemnda, men fagkunnskap manglar på dei fleste områda. Arbeidet er avgrensa til forvaltning av hjortevilt. Kommunen bør bidra med hjelp til utarbeiding av driftsplanar både i forhold til jakt og fiske.

Kommunen har samarbeid med Hjorteviltsentret på Svanøy om forvaltning av hjort. Utgiftene er blitt dekket av viltfondet som vert finansiert av jegerane. Rådmannen tilrår at ein vurderer samarbeid med ein annan kommune når det gjelder fisk og viltforvaltning generelt og at det blir lagt fram ein eigen sak på dette.

Rådmannen tilrår at tiltak som ligg under denne tenesta også vert drøfta i prosjektet "Kjekt i Bokn" og at tiltak blir tatt inn i budsjettet for det prosjektet.

Rammeområde 2 – Seksjon skule



Serviceerklæringar

Det er laga serviceerklæringar for


grunnskulen
 vaksenopplæringa
 skulefritidsordninga

Det er ikkje laga serviceerklæring for PPT, men PPT/Tysvær kommune er gjort merksam på at Bokn kommune ønskjer eit slikt dokument.

Netto budsjettramme

Netto budsjettramme

Tenesteområde	2003	2004
2020 Grunnskulen	7.572.000	7.623.000
2110 PPT for barnehagen	20.000	20.000
2130 Vaksenopplæring	60.000	102.000
2150 Skulefritidsordning	315.000	365.000
2221 Skuleskyss	290.000	290.000
Sum seksjon skule	8.257.000	8.400.000



Utgifter til lærling er nå ført på tenesteområdet "2020 Grunnskulen", mens det ikkje er med i budsjettala for 2003. Dette utgjør ein auka i netto utgifter på kr 100.000.

"Kostratal" for Bokn samanlikna med Kvitsøy, og med summen av kommunane Haugesund, Karmøy, Tysvær, Utsira, Vindafjord, Etne, Sveio og Ølen.

Netto driftsutgifter per innbyggjar til skule bør vurderast i lys av elevtalet per klasse, sidan elevtalet i klassane er den viktigaste kostnadsfaktoren i skuleverket, faktisk viktigare enn til dømes talet på skular i kommunen.

	Bokn 2001	Bokn 2002	Egne gj.snitt 2002	Kvitsøy 2002	Fedje 2002	Grupp e 02 2002
Elever per klasse	11,9	12,7	19,8	13,2	8,8	17,7
Netto driftsutgifter per innbyggjar til:						
Grunnskuleundervisning	8970	9472	6900	10366	9902	6856
Skulelokalar og skyss	1850	1733	1327	1193	2213	1736
Skulefritidsordning	350	467	131	139	3	122
Grunnskuleopplæring for vaksne	29	35	150	0	-24	73

SFO i Bokn har høgare netto utgifter enn SFO i nabokommunane, men skilnaden er ikkje så stor som tala i tabellen viser. Me har til dømes tatt med utgiftene til alle ekstra tiltak for funksjonshemma elevar, mens det kan sjå ut til at dei andre kommunane gjer dette annleis.

Teneste 2020 Grunnskulen

Frå 1. august 2003 har Bokn 115 elevar i grunnskulen mot 114 på same tid året før. Elevtalet er med andre ord omtrent uendra, men talet på elevar som treng tunge ekstra støttetiltak har auka.

Stillingsramma til skuleseksjonen var 01.08.01 på 17,7 årsverk og 01.08.02 på 17,4 årsverk. I budsjettet for 2003 var det lagt inn ytterlegare reduksjon i stillingstalet frå 01.08.03, med atterhald om at utgifter/innsparingar våren 2003 ville vere heilt avgjerande for kor stor reduksjonen ville bli.

Frå 01.08.03 blei pedagogstillingane redusert med 1,4 årsverk, ein reduksjon som blei mindre enn opphavleg planlagt. Arbeidet med stillingsreduksjonen var komplisert og vanskeleg å gjennomføre. Det skuldast dels at fleire i personalet måtte påleggast vel tunge arbeidsoppgåver, og dels at det under planleggingsarbeidet var press utanfrå frå grupper som reagerte på konsekvensane av stillingsreduksjonen.

Stillingsramma til elevassistentar i skulen og i SFO blei utvida med 0,9 årsverk. Dette skuldast det auka behovet for ekstra hjelp til funksjonshemma elevar. Samla er stillingsramma no 16,9 årsverk, ein reduksjon på 0,5 årsverk. Hard økonomistyring på andre utgifter/inntekter gjer at stillingstalet hausten 2003 ligg innanfor det budsjettet for 2003 skal tole.

For å halde den budsjetttramma som er sett for 2004, er det lagt inn reduksjon i stillingstalet frå 01.08.04 med nye 1,5 årsverk, derav 0,5 i SFO, til ei samla stillingsramme for skuleseksjonen på 15,4 årsverk. Det blir også denne gongen teke atterhald om at drifta i vårhalvåret vil avgjere kor stor stillingsreduksjonen blir når det nye skuleåret startar i august.

Det er elles gjort ein del mindre innstrammingar i budsjettet når det gjeld midlar til kurs, lærebøker, læremiddel, og utstyr.

Seksjon skule i Bokn har i mange år hatt ei felles stillingsramme til vanleg/tilpassa undervisning/klassedeling, til spesialundervisning og ekstra tiltak for einskildelevar, til SFO og til utviklingsarbeid og til leing. Ordninga med ei slik felles stillingsramme starta etter at skulestyret ein periode hadde vore tungt inne i klassedelinga og tildelinga av timar til spesialundervisning. Denne utviklinga i Bokn er på line med den generelle utviklinga innan skuleverket dei siste åra, med endringar i lovverket og ulike sentralt styrte utviklingsprosjekt. Det ser også ut til at denne utviklinga skal halde fram. I alle fall peikar innstillinga frå Kvalitetsutvalet (NOU 2003:16) i den retninga.

Kort fortalt går denne utviklinga ut på å minske/fjerne skiljet mellom vanleg undervisning og spesialundervisning, og å integrere skulevurderings- og utviklingsarbeid i det daglege arbeidet i skulen.

Målsettinga er å bruke stillingsramma slik at skulesituasjonen og læringsmiljøet på kort og lang sikt blir best mogleg for kvar einaste ein av elevane. Med andre ord at alle skal ha det like bra, innanfor det som er mogleg å få til med dei økonomiske rammene me blir tildelt. Me skal kunne tenke framtid gjennom utviklingsarbeid, me skal kvalitetssikre gjennom skulevurderingsarbeid, og me skal ha ei god klassedeling og nok til spesialundervisning og ekstra tiltak for einskildelevar.

Ulempa med dette systemet er at det blir vanskeleg å svare eksakt når nokon spør om kor mykje ein har komande år til klassedeling. Er behovet for spesialundervisning og ekstra tiltak lite, blir det meir til klassedeling og utviklingsarbeid. Kjem det nye elevar med tunge ekstra behov, eller utviklinga til ein elev ikkje er tilfredsstillande, må det brukast meir av den felles stillingsramma til desse nye oppgåvene, og det blir tilsvarande mindre til klassedeling og utviklingsarbeid. Eller situasjonen i einskilde klassar kan bli spesielt krevjande og me må bruke meir til klassedeling, noko som igjen betyr mindre til spesialundervisning eller til framtida gjennom utviklingsarbeid.

Det ville bli vanskelegare å gjere læringssituasjonen best mogleg for alle elevane, dersom me skulle styrt etter fastlåste rammer til dei ulike oppgåvene. Det beste hadde sjølv sagt vore at stillingsramma var så stor at det alltid var nok til alle oppgåver. Men så lenge det ikkje er tilfelle, bør me unngå eit system der behov for spesielle tiltak for einskildelevar automatisk fører til søknader til politiske organ om tilleggsføringar. Dei elevane som treng skulen mest vil bli taparane i eit slikt system.

Den stillingsreduksjonen som er lagt inn i budsjettet frå august 2004, byggjer på følgjande føresetnader, i tillegg til atterhaldet om driftsutgiftene i vårhalvåret: Vidareføring av femdelt barnesteg, med om lag same ressursar som inneverande skuleår. Det er ikkje meir å spare/ta når det gjeld den tradisjonelle klasse- og gruppedelinga på barnesteget, dersom ein skal kunne halde ein akseptabel kvalitet på undervisningsarbeidet.

Når det gjeld ungdomssteget er elevfordelinga komande skuleår slik at det er føresett auka ressursbruk opp mot tilnærma fulldelt skule.

Hovudtyngda av den planlagde stillingsreduksjonen vil ramme spesialundervisning og styrkingstiltak for funksjonshemma elevar, og dessutan ressursane til leing, rettleing og utviklingsarbeid.

I åra sidan 1998, då stillingsreduksjonane i skuleseksjonen starta for alvor, har ein unngått oppseiingar. Det skuldast at mange fast tilsette har hatt heil eller delvis permisjon. Skuleseksjonen har i dag fleire fast tilsette enn det er faste stillingar.

Budsjettframlegget for 2004 er ikkje tilstrekkeleg til at alle oppgåver kan løysast på ei så god måte som mange ønskjer og sikkert også vil krevje, og er ikkje tilstrekkeleg til å gi rom for eit tilfredsstillande utviklings- og skulevurderingsarbeid, slik me er pålagt gjennom lov. Men det bør vere tilstrekkeleg til ei balansert og forsvarleg dagleg drift når det gjeld den vanlege undervisninga og spesialundervisninga, og administrasjonen av denne kjerneverksemda.

Den tida er forbi då skulen i Bokn hadde betre stillingsrammer enn dei fleste naboskulane. Mange foreldre med barn med spesielle behov, som til no har vore godt nøgde med skuletilbodet i Bokn, vil kunne få eit overraskande møte med "gjennomsnittsskule-Noreg" komande skuleår. Me er godt nede på landsnormalen når det gjeld det undervisningsretta arbeidet, og me er i etterkant av det som blir forventa når det gjeld utviklingsarbeid og skulevurdering, og oppfølging av lover og forskrifter for skuledrifta.

Opplæringslova brukar ikkje lenger omgrepet klasse. Det vil i løpet av skuleåret 2003/04 bli fremma eiga sak for samarbeidsutvalet ved skulen om kva konsekvensar denne endringa eventuelt bør ha for Bokn skule.

Uteområde på skulen treng fornying, og i budsjettet for 2004 er det lagt inn kr. 20000,- til nytt leikeutstyr. I 2005 er det lagt inn ytterlegare 40.000,-. Skulen treng også jevnleg oppgradering og utskifting av datautstyr. I det ordinære budsjettet er det lagt inn kr. 40.000,- til dette, men behovet er totalt på ca. kr. 80-90.000,-. Av anna utstyr er det utstyr til gymnastikksalen som skulle vore utskifta, og dette er lagt inn i tiltaksplanen for 2005.

Endringar i betalingssystemet for midtskyss gjer at det vil kome ei sak til politisk behandling om organisering av skuleveka og skuledagen. Dette er også nemnt under teneste 2150 SFO og 2210 Skuleskyss.

Tiltak/stillingar for gjesteelevane er ikkje med i tala/omtalen over. Tiltak/stillingar for gjesteelevane blir ført som eige prosjekt med ei brutto budsjetttramme på ca 1,8 mill, og utan netto utgifter for Bokn kommune.

-----Sideskift-----

Teneste 2130 Vaksenopplæring

Vaksenopplæringa på grunnskulen sitt område omfattar:
Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for innvandrarak og flyktningar,
Spesialundervisning for vaksne med spesifikke lærevanskar, enten vanskane skuldast ulukke/sjukdom eller det gjeld eit meir varig generelt behov for vidare opplæring og vedlikehald i grunnleggjande kunnskapar innan lesing, skriving, etc.,
Vanleg undervisning for vaksne med rett til grunnskuleopplæring.

Det er budsjettert med følgjande:

Undervisning eit par timar i veka for vaksne med rett til vidare opplæring i grunnleggjande kunnskapar

Undervisning eit par timar i veka for vaksne med rett til grunnskuleopplæring.

Det er ikkje budsjettert for:

Undervisning for innvandrarak og flyktningar. Dei blir vist til andre kommunar for opplæring, og desse kommunane får sin refusjon direkte frå staten.

Undervisning for nye vaksne som måtte kome til i løpet av budsjettåret, med rett til spesialundervisning. I slike tilfelle må naudsynte ressursar overførast frå andre tenesteområde (grunnskulen) eller løyvast ekstra.

Teneste 2150 Skulefritidsordninga (SFO)

Statsstøtten til SFO kjem ikkje lenger som eit særtilskott men er lagt inn i rammetilskottet til kommunen. Elevgrunnlaget i SFO i Bokn har vore aukande dei siste åra.

Det har vore eit ønske frå nokre foreldre at opningstida blir utvida.

Stillingsramma for SFO blei utvida frå 01.08.03 på grunn av funksjonshemma elev.

Det vil bli fremma eiga sak i løpet av skuleåret 2003/04 om endringar i drifta frå 01.08.04. Denne saka vil vere kopla saman med drøftinga av endringar i skuledrifta på grunn av at fylkeskommunen ikkje lenger betaler midtskyssen.

I budsjettet er det lagt inn ein stillingsreduksjon på 0,5 årsverk frå 01.08.2004. Dette er gjort sidan det må gjerast innsparingar og vår SFO har høge driftsutgifter samanlikna med andre kommunar. Det kan vere fleire måtar å redusere kommunens kostnader til SFO på, men dette må vurderast i samanheng med dei andre endringane som er nemnt over.

Det er ikkje gjort framlegg om endringar i betalingssatsane til SFO. Det vil vere naturleg å ta dette samtidig med totalvurderinga av SFO, og la eventuelle endringar gjelde frå skulestart hausten 2004.

Teneste 2210 Skuleskyss

Det er budsjettert med uendra utgiftsnivå til skuleskyss i 2004.

Fylkeskommunen har i skriv dagsett 08.10.03 gitt kommunen endeleg melding om at denne må ta alle utgiftene til midtskyss sjølv frå og med skuleåret 2004/05. Det er likevel ikkje funne rom i budsjettet for ein auke i kommunens skyssutgifter.

Det vil vere naturleg å vurdere å sløyfe midtskyssen heilt eller delvis, og det vil i løpet av skuleåret 2003/04 bli fremma eiga sak om skuleskyssen/midtskyssen og organiseringa av skuledagen og skuleveka, og SFO. Om dette skal medføre at småskulen går 6 timars dagar, om skuledagen skal kombinerast med gratis SFO i skuletida for dei som følgjer skuleskyssen, om kommunen skal halde fram med midtskyss heilt eller delvis som no, eller om det skal lagast andre løysingar, vil bli ein del av den diskusjonen som må